

Høyring økonomi- og handlingsplan 2026 - 2029

Formannskapetets innstilling til kommunestyret per 03.12.2025



Grafikk og nøkkeltal

818 649



Totale driftsinntekter

787 884



Totale driftsutgifter

-2 166



Netto driftsresultat

5 930



Antall innbyggere

Kommunedirektøren har ordet

Det vert med dette lagt fram eit forslag til budsjett for året 2026 som er godt og grundig jobba med administrativt, og sjølv sagt med einingane våre.

Det er også i 2026 eit budsjett som på mange områder vil verta oppfatta som stramt.

I motsetning til 2025 budsjettet så ligg det no *ikkje* inne eit meir eller mindre udefinert “osthøvelkutt” knytt til løns og prisvekst, dette er no teke inn i det forslaget som vert lagt fram.

Vi ser at vi med det dekkja meirforbruket vi fekk i 2024 og elles med dei store omstillingane vi midt inne i mest truleg vil bli ein av dessverre fleire kommunar på “ROBEK lista” om ikkje alt for lang tid.

Slik eg ser det så vil det viktigste for å sikre ein langsiktig berekraftig økonomi vere at vi saman lykkast med dei fleste av dei tiltaka vi har og er i ferd med å slutføre i 2025, som vil ha full effekt i 2026. Og i tillegg dei tiltaka som etter gode uttalar frå ulike utval vert lagt fram for Formannskapet for vidare politisk bearbeiding og vedtak i Kommunestyret den 18 desember.

Forventningsavklaring er eit ord som vi alle vil høyre meir om i tida som kjem. Og eg håper vi etterkvart kjem lengre enn å snakke om dette, men at det faktisk vert iverksett endringar for eksempel i noko av lovverket, forskrifter og rettleiarar som heilt klart over tid dannar grunnlaget for dei forventningane som vert danna hos dei av innbyggjarane våre som har eller kjem til å motta tenester frå oss. Det vart i 2025 nedsett ein kommunekommisjon som allereie nå før jul skal kome med sin første rapport. Det vert spanande å sjå om deira arbeid reelt vil bidra til å lette litt på styringstrykket og elles gjere oss som sjølvstendige kommunar i noko betre stand til å gjere aktuelle og gode lokale tilpassingar på aktuelle og viktige tenester mv.

I budsjettforslaget er det lagt til grunn at vi gjennomfører eit svært stort løft både investeringsmessig og tenestemessig. *Helsehuset*. Eg skal ikkje bruke for mykje spalteplass her med å redegjere for for prosjektet. Prosjektet er svært godt utreidd og ikkje minst fylgt opp av både egne og ekstern fagkompetanse, i tillegg til ei god plan og byggenemnd. Men det er klart at ei slik investering vil bidra til eit høgt lånenivå og ditto utgifter som vi må finne rom for på både kort og lang sikt. Vi må også legge klare og høge forventningar til oss sjølve når det gjeld å ta ut positive effektar, også økonomiske, av ei slik stor investering.

Eg gjentek frå i fjor at vi må sikre ei best mogleg fordeling og ein effektiv bruk av våre tilgjengelege ressursar knytt til at vi, som resten av europa, får ei stadig meir aldrande befolkning. Dette skjer heldigvis utan at barnetalet stupar på kort sikt i vår kommune. Dette medfører at vi får lågare inntekter innafor oppvekst sektoren og inntektssystemet forventar då at vi tilpassar drifta vår slik at den er tilpassa inntektsmodellen. Då må vi må saman ta inn over oss det store bildet og fortsette både med omstillingar og reorganisering av tenestene. Og med det bruken av dei tilgjengelege ressursane våre på ein best mogleg måte. Eg meiner vi med det framlagde budsjettforslag, og dei skisserte omstillingane/tiltaka som det vert lagt opp til, vil kunne bidra til å få til dette.



Surnadal 05.11.2025

Lars Inge Kvande
Kommunedirektør



Overordna innspel frå sektorane

Samfunn

Det er eit komplekst og samansett fagområdet, og romme alt frå vaktmeister, reinhald, vatn, veg, bygg, busetting, byggesak, oppmåling, miljø, landbruk, skogbruk, arealforvaltning, bibliotek, kulturarbeid, næringsutvikling og planarbeid.

Einingar og fagområde

Det er over 120 personar plassert rundt i ulike bygg og områder av kommunen - og det omfattar 3 einingar og 2 fagområde:

- Areal og naturforvaltning: arealplanlegger, byggesak, jordbruk, skogbruk, oppmåling, miljø - samfunnsplanlegging
- Teknisk: boligforvaltere, eiendom, byggeleder, vatn og avløp, park og veg, renhold, vaktmestere, svømmehall mm
- Kultur: kulturhus, idrettsanlegg, bygdebok, frivilligsentral, Stikk Ut, Kavlveg, museumsdrift, kulturarrangement, kulturmidler, kulturskule, hotellfoaje mm
- Plansjef: beredskap, samfunnsplanlegging, klimatiltak, bærekraft
- Næringskonsulent: næringsfond (landbruksfond, ørafond, kulturfond), næringsareal, skjenkeløyver, etablererprøver, bedriftsetablering Hopld kontakt, karrieredager.

Samlokalisering

I teknisk drift har alle i vaktmeisterteneste, feiarvesen, brann, vatn og avløp, felles areal med spiserom, sanitæranlegg, møterom og oppmøteplass på Brannstasjonen i Røtet. Dette har medført ei ombygging for å få plass til alle, med garderobeskap, sanitæranlegg og deling av rein og urein sone. Dette er gjort med stort sett eige mannskap, men noko innleie på dei fagområda vi ikkje har sjølv. Neste år blir det bygging av carport for å ta vare på tenestebilane vi har i teknisk drift.




Foto: Brannsjef Tor Arne Moen

Beredskap

Beredskapen er skjerpa, verdsbilde og krigshandlingar rundt oss gjer at vi må skjerpe beredskapen og sørge for at vi kan møte ulike utfordringar på best måte. Både som samfunn, men også som privatpersonar og bufaste. Kriserasjon bør være på plass i alle heimar slik at vi kan klare oss dei første dagane ved ein eventuell uforutsett isolasjon. Beredskapsplakat blir gjort tilgangelge på mange plattformer, slik at alle kan sørge for å ha eigenberedskap i heimen for minst ei veke.

Kulturhuset

“Med kulturhuset inn i framtida” i samband med 25 år jubileet i 2027 og ombygging for sam-lokalisering av kulturhus og frivilligsentral er godt i gang. Det er stort behov for oppgradering og vedlikehald, og dette er bruka både fagfolk og arkitektar for å oppgradere kulturhuset i ny “drakt” til jubileet i 2027. Skissene for ombygging viser at kulturhuset får ein langt meir fleksibel bruk til både små og store arrangement.



Oppvekst

Barn og unge som lever og skapar og lever meningsfylte liv.



(Fotograf Oda Halle, bilete er brukt med løyve)

Oppvekstsektoren har i svært stor grad lovbestemte tenester, med regelverk for innhald, omfang og bemanning. I ei krevjande økonomisk tid, der barnetalet har auka, både på grunn av høgare fødselstal og busetting av flyktningar, gir dette fleire av einingane i oppvekst store utfordringar.

Rammeplaner og lovverk

Rammeplanen for barnehagane, rammeplanen for kulturskulen og læreplanverket for skulen, dannar saman med Barnehagelova og Opplæringslova verdigrunnlaget og samfunnsmandatet for

oppvekstsektoren. For vaksenopplæringa kjem introduksjonslova i tillegg. Hovudmålet for oppvekstsektoren i Surnadal er at barn og unge skapar og lever meningsfylte liv no og i ei berekraftig framtid.

I 2026 skal vi vidareføre arbeidet i tråd med gjeldande oppvekstplan. Surnadal kommune samarbeider saman med

dei sju andre kommunane på Nordmøre gjennom Nettverk Nordmøre, om å vidareutvikle og forbetre oppvekstsektoren.

Gjennom eit forskingsinformert kunnskapsgrunnlag og prosessar med partsamarbeid og samskaping, har ein prøvd å skape involvering, eigarskap og kompetansemobilisering for dei endringane som er nødvendige, dersom barna våre skal utvikle kompetanse som er naudsynt for framtida.

I lag med Oppvekstnettverk Nordmøre (ONNM) er vi godt i gang med ny læringsløype i matematikk. Da skal Matematikksenteret ta oss gjennom mykje læring, refleksjon og trening i arbeidet med matematikk for å utvikle ein neste praksis på feltet. Dette vil kome barna tilgode gjennom forbetra pedagogikk og undervisning.

ONNM har i tillegg dratt i gang eit nettverksarbeid som har til hensikt å bygge ned siloane mellom oppvekst og helse. I nettverket "Saman skapar vi gode lag rundt barn og unge" tek vi mål av oss å få sette i verk mange av tiltaka i Tverrfagleg plan som er ei plan som skal førebygge omsorgssvikt og aferdsvanskar. Denne plana har oppvekst og helse utarbeidd ilag i vår kommune.

2026 vil vere eit år som vil kreve evne til omstilling og nytenking, også frå oss i oppvekst. Det er krevjande tider økonomisk for kommunen og vi må alle tørre å tenkje nye tankar for å kunne møte framtidens utfordringar på best mogleg måte.

Utfordringsbilete

Oppvekst går inn i 2026 med store endringar i leiarstrukturen.

- Vaksenopplæring og Integrering vert splitta opp og Vaksenopplæringa kjem inn i Surnadal barne- og ungdomsskule.
- Integreringa vert lagt under Helse og Familie.
- Sentrumsbarnehagane får ein felles leiar og våre tre oppvekstsenter får ein felles leiar.
- Kulturskulen og eining Kultur skal få felles leiar frå 01.01.26.

Dette er store endringar og oppvekst mister ressursar og kapasitet på kort sikt. Men med endringa tek ein sikte på å utvikle leiarskapet over tid slik at ein når mål om reduserte kostnader og fortsatt kunne produsere gode tenester.

Barnehage

Vi er usikre på om vi vil ha nok barnehageplassar for hovudopptaket hausten 2026. Vi har store fødselstal i 2025 (54) og 2026 (65 - prognose). Vi får midlar til å bemanne opp med ei stilling i Midtigranda frå august 26 for å kunne utnytte tre småbarnsplassar som ikkje er i bruk pr. i dag. Men vi er usikre på om dette er nok.

Vi kjenner på utfordringar med å rekruttere og behalde fagfolk i barnehagane. Det er lite søknad til barnehagelærarutdanningane og lite tilgang på folk generelt.

Skule

Behovet for individuelt tilrettelagt opplæring og spesialpedagogisk hjelp berre aukar i omfang hos oss og same utviklinga ser vi nasjonalt.

Vi ser med bekymring på utviklinga med fleire saker som går på dette med skulemiljø. Mobbing, utagering og skulevegning tek stadig meir av tida til dei tilsette.

Vaksenopplæring og integrering

Gjennom 2025 har vi greidd å snu eit stort meirforbruk i eininga i 2024 til eit positivt resultat i 2025. Her har det vore gjort tøffe val for å kunne kutte kostnader. Talet på flyktningar har gått ned og vi har, iallefall pr no, meir stabile ankomsttal å jobbe ut frå. Vi har bemannt ned eininga ein del og i 2026 ser det ut til at vi bemannt ned ytterligare.

Kommentar til budsjettet

Det ligg ei forventning i lufta om at vi skal redusere kostnadane ytterligare i oppvekst, dette til tross for at ein ikkje skal røre skulestrukturen. Endring i leiarstrukturen vil bidra til reduksjon av kostnader og i tillegg har vi nokre forslag til innsparing vi meiner kan vere mogleg å gjennomføre.

Helse og omsorg

Helse og omsorg omfattar Sjukeheim, Heimeteneste, Helse og Familie, Bu og Aktivitet, NAV og Barnevern.



Foto: Surnadal kommune

Overordna sentrale føringar

I 2026 er det fleire viktige nasjonale føringar innan helse og omsorg som vil vere sentrale:

Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027

Denne planen fokuserer på å gjere helsetenesta meir berekraftig gjennom seks hovudgrep:

- Rekruttere og behalde personell med rett kompetanse.
- Endre finansieringsordningane for sjukehusa

- Innføre eit nytt rekrutterings- og samhandlingstilskot som skal gje insentiv til felles tenesteutvikling mellom kommunar og sjukehus
- Utvikle ein ny strategi for digitalisering av helse- og omsorgstenestene.
- Forenkle og tydeleggjere regelverk.
- Sikre ei god og tilgjengeleg allmennlegeteneste.

Kompetanseløft

Dette initiativet fokuserer på å rekruttere, behalde og utvikle personell i omsorgstenestene. Det inkluderer tiltak som å auke rekrutteringa av menn til omsorgssektoren, støtte til grunn- og vidareutdanning, og styrking av kompetansen i tenestene til personar med utviklingshemming.

Lokale vedtekne føringar – frå Helse- og omsorgsplan

Helse- og omsorgsplanane seier noko om overordna strategiar og satsingar som skal ligge til grunn for arbeidet i alle tenestene innan helse og omsorg. Dei sentrale kapitla i planane består av desse tema:

- Ansvar for eige liv
- Tidleg innsats
- Samarbeid
- Rehabilitering og habilitering
- Rekruttering og kompetanse
- Digitalisering og velferdsteknologi

Opplevde utfordringar i tenesta

Demografisk press og auka pleiebehov

- Talet på eldre over 80 år aukar kraftig, og mange lever lenger med samansette og komplekse helseutfordringar (multisjukdom).
- Dette gir auka behov for heildøgns omsorg og spesialisert kompetanse, særleg innan demens, palliasjon og geriatri.

Bemanningsutfordringar og kompetansemangel

- Det er mangel på sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og spesialkompetanse ved sjukeheimen, heimetenesta og bu- og aktivitetstenesta
- Mange tilsette jobbar deltid, og det er høg turnover og sjukefråvær. Rekruttering og stabilisering av arbeidskraft er ei vedvarande utfordring.
- Utan tilstrekkeleg bemanning blir både kvalitet og pasienttryggleik svekka.

Fragmenterte tenester og fare for svikt i overgangar

- Samhandlinga mellom sjukehus og kommune er fortsatt utfordrande, særleg ved utskriving av eldre pasientar.
- Utan god planlegging og koordinering risikerer ein reinnleggingar og forverra helsetilstand.

Eldre og uegna lokale

- Utsett vedlikehald på fleire bygg i påvente av at Helsehuset blir endeleg avklart.

- Tronge og dårleg egna lokale til dagens tenester, behov og driftsnivå

Teknologisk etterslep og ulik digital modenheit

- Velferdsteknologi og digitale løysingar har potensial, men ein må jobbe aktivt for å få ut gevinstane.
- Teknologi kan ikkje erstatta varme hender, men må støtta dei.

Kommentar til budsjettforslaget

Felles

Prosjektering av Helsehus har komme langt. Det er gjennomført ein konkurranse i 2025 der tre leverandørar har vore med i utarbeiding av eit endeleg løysingsforslag for det nye helsehuset. Dersom kommunestyret går inn for å bygge helsehus i kommunestyremøtet før jul, vil neste steg i prosessen vere å signere kontrakt med vald leverandør. Oppstart av det som kallast samspillsfasen tek da til januar 2026, der målet er avgjerd om endeleg byggestart sommaren 2026.

Avgjerda om ein skal bygge helsehus eller ikkje vil bety mykje for utfordringsbildet i åra framover. I budsjettforslaget er helsehuset lagt inn, og ein må då tilpasse drifta til ein periode med byggeaktivitet og bruk av midlertidige lokale. I slutten av planperioden vil vi få eit moderne bygg der det er lagt til rette for at ein skal kunne produsere tenester mest mulig kostnadseffektivt, samtidig som målet er at pasientar, brukarar og tilsette skal trivst og synest det er godt hus å vere i.

Helse og familie

Det er usikkert korleis presset på helsetenestene blir i 2026, men ein ser ei sterk auke i etterspurnaden etter tenester, spesielt innan psykisk helse. Med utgangspunkt i dette har ein omprioritert ressursar slik at ein kan lyse ut stilling som psykolog i 100 % stilling. Det er også prioritert å få på plass funksjonen som kommuneoverlege. Stillingane som kommuneoverlege og psykolog er lovpålagte tenester.

Sjukeheimen

Sjukeheimen mottok pasientar med omfattande og samansette behov. Det oppleves som eit auka press på tenestene når det gjeld både utskrivingsklare pasientar og behov frå heimebuande. Tenesta brukar meir tid på saksbehandling og oppfølging av saker enn tidlegare.

Bu og aktivitetstenesta

Bu og aktivitetstenesta opplever stadig endring i brukarsammensetninga og endring i behova til brukarane. Ein ser fortsatt ein auke av yngre brukarar. Fleire barn/unge vil ha behov for avlastning framover. Avlastningsbustaden / barneavlasninga er flytta til tidlegare avlasningsbustad på Øye, og det er behov for å ta i bruk heile bygget frå neste år av.

Det er økende levealder i brukergruppa som betyr økning i somatisk sykdom og behov for helsehjelp samt leiligheter tilpassa hjelpemiddel som personheis og rullestol.

Heimetenesta

Det oppleves som eit auka press på tenestene der fleire brukarar har større og meir samansette behov.

Har gjennom fleire år hatt leiarar som har vore ute i permisjon og med det vikarar inn i leiarstillingane. Sommaren 2025 starta ny einingsleiar opp i tenesta. Året 2026 vil ha fokus på leiarteamet sin rolle, samt oppfølging av sjukefråvær og arbeidsmiljø.

Indre Nordmøre barnevernteneste

Det er lagt inn midlar til faktiske stillingar per i dag, og kjente hjelpetiltak. Det blir kontinuerleg jobba med å få på plass kompetanse i ledige stillingsheimlar. Det er ikkje lagt ekstra midlar inn i ramma for 2026 for ei styrking av tenesta økonomisk.

NAV

Det er lagt inn ein kraftig auke i ramma i høve auka behov for økonomisk sosialhjelp.



Budsjettprosess 2026 og politiske vedtak

Formannskapetets vedtak 03.12.25 - offentlig utlegging og innstilling til kommunestyret

1. Kommunestyret vedtek at det med heimel i lov om eigedomsskatt §2 og §3 bokstav a, at det for 2026 skal skrivast ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen.
 1. Den generelle satsen for eigedomsskatt settes i 2026 til 7 promille av gjeldande eigedomsskattetakst, jf Eigedomsskattelova §11. For bustader og fritidseigedomar settes skattetaksten til 4 promille (esktl. §12a).
 2. I medhald av eigedomsskattlova § 7 blir eigedommar som er nevnt i § 7 bokstavene a og b er fritatt for eigedomsskatt. Liste over eigedomane som får fritak etter § 7 a og b, er vedlagt i saka
 3. Eigedomsskatten skrives ut i fire terminer, og blir krevd inn saman med kommunale avgifter, jamfør eigedomsskattelova §25.
 4. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen vedtatte eigedomsskattevedtekter benyttast.
 5. Eigedomsskatteinntekta for 2026 blir fullt ut innarbeidd i driftsbudsjettet.
2. Kommunestyret vedtek satsar for brukarbetaling/ gebyr/ avgifter/ husleie mv, slik det er framstilt under området «gebyr – og prisliste» i det digitale dokumentet.
3. Kommunestyret vedtek Surnadal kommunes økonomi – og handlingsplan 2026-2029, slik det er framstilt i Økonomisk oversikt drift etter §5-6, og i tråd med vedlagte digitale dokument.

4. Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet for 2026 slik det er framstilt i Løyvingskjema § 5-4, første ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet.
5. Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet for 2026 med netto driftsrammer til enhetene, slik det er framstilt i løyvingskjema § 5-4, andre ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet.
6. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet for 2026 slik det er framstilt i løyvingskjema § 5-5, første ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet.
7. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet med forslag til investeringsprosjekt for 2026 slik det er framstilt i løyvingskjema § 5-5, andre ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet.
8. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på inntil kr. 100 000 000 for 2026, og eit låneopptak på kr. 5 mill til videreutlån (startlån). Kommunedirektør får fullmakt til å gjennomføre låneopptak, og evt inngå avtale om kortsiktig driftskreditt eller likviditetslån på inntil 50 mill koner i løpet av året ved behov, inkl godkjenning av lånevilkår etter gjeldande økonomireglement.
9. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å budsjettregulere investeringsmidlar på opp til kr 500 000 mellom dei vedtekne investeringsprosjekta der formåla med investeringane er tilnærma lik. Det samme gjeld investeringskostnader som kan kome året etter at prosjektet er avslutta. Disse kostnadene skal finansierast ved bruk av ubrukte lånemidlar. Kommunestyret skal orienterast om reguleringane i tertialrapportering.
10. Kommunestyret tek «oppdrag» lagt til kvart tenesteområde til orientering.
11. Kommunestyret gjev kommunedirektør fullmakt til å gjere budsjettregulering for å fordele avsatte lønsmidlar i tråd med det endelege lønsoppgjeret for 2026.
12. Kommunestyret gjev kommunedirektør fullmakt til å innarbeide forslag til tiltak i økonomi- og handlingsplan for 2026-2029, slik dei er framlagt under området «Tiltaksliste 2026-2029» i det digitale dokumentet, og som vist under.

Ansvar	Tiltak	2026	2027	2028	2029
130 - kultur	Pause på bygdebok etter bind 6	kr 600 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
150- politisk verksemd	Redusere møtegodtgjersle	kr 400 000	kr 400 000	kr 400 000	kr 400 000
150-politisk verksemd	Vurdere deltaking i interkommunale politiske råd				
	Avslutte samarbeid Trøndelag SørVest		kr 300 000	kr 300 000	kr 300 000
239 - SUBUS	Avslutte kantineilbod	kr 500 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
239 - SUBUS	Avslutte MOT samarbeidet	kr 200 000	kr 200 000	kr 200 000	kr 200 000
239- SUBUS	Kjøpe digitale tenester - Vaksenopplæring	kr 400 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
	Vurdering av språkressursar, gruppedeling mv.	kr 2 500 000	kr 5 000 000	kr 5 000 000	kr 5 000 000
Oppvekst	Leirskule - Bjørnsund vs Søvasli	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000
460-teknisk	Omstilling reinhald	kr 400 000	kr 1 600 000	kr 1 600 000	kr 1 600 000
Sum tiltak		kr 5 100 000	kr 10 600 000	kr 10 600 000	kr 10 600 000
Område som allereie er med grunnlaget til budsjett:					
Fleire enheter	Interkommunalt samarbeid		kr 400 000	kr 800 000	kr 800 000
Fleire enheter	Nedtrekk årsverk		kr 2 000 000	kr 4 000 000	kr 4 000 000

13. Kommunestyret ber administrasjonen se vidare på ressurs- og kompetansekartlegging i kommunen. Det bes om en utredning/gjennomgang av administrative ressurser samt fagstillingar i ulike sektor/enheter i kommunen, hvor pleie- og omsorg prioriteres først. Det bør vurderes eventuelle muligheter for økonomiske innsparinger, og om ressurser og kompetanse kan brukas mer utadrettet i større grad, samt annan oppgavefordeling. Ekstern prosessstøtte i kartlegging- og omstillingsarbeidet kan med fordel benyttes. Utredningen legges fram for politikerne til orientering.

14. Kommunestyret ser at vi med framlagte budsjett vil kome på ROBEK. Det er ein uønskt situasjon, men Kommunestyret ser at å gjera tilstrekkelige økonomiske tiltak som skulle gjort oss i stand til å unngå dette hadde gjort meget stor skade på svært viktige tenestemråder. Vi må gjennom m.a. pkt 12 sikre at vi i løpet av økonomiplanperioden kjem oss ut frå ROBEK og oppnår ein berekraftig økonomi.

15. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar i tråd med endeleg vedtak i drifts – og investeringsbudsjettet.

Formannskapetets vedtak 16.10 25

Formannskapet ber, med utgangspunkt i presentasjonane på budsjettkonferansen, administrasjonen om følgjande:

- Det skal fortsatt arbeidast med tiltakslista som kommunestyret har vedteke.
- Det er ønskeleg å utvide denne lista med fleire tiltak, slik at ein er meir sikra å oppnå nødvendig innsparing.
- Investeringar i 2026 og i økonomiplanperioden må, utanom Helsehus, haldast på eit minimum.
- Bygging av omsorgsbustader under gunstige betingelsar skal vurderast, i tråd med innspel frå gruppearbeidet under budsjettkonferansen.

- For å unngå eller komme fort ut av ei ROBEK-innmelding må ein ta sikte på eit positivt resultat på over 10 millionar per år i økonomiplanperioden.

Budsjettkonferanse 16.oktober

Det vart gjennomført budsjettkonferanse 16. oktober, der både formannskapetets medlemmar i tillegg til tilitsvalte, leiar i administrasjonsutvalget, leiar i HTU, hovedvernombud og medlemmar frå administrasjonen deltok.

Tidspunkt	Tema	Ansvarleg
Kl. 08.30	Velkommen	Hugo Pedersen
Kl. 08.35 - 08.55	Innspel frå aktuelle hovudtillitsvalde og hovudverneombodet	Håvard Halset, Karen Marit Meisingset, Tove Naterstad, Jan Terje Moen
Kl. 08.55 - 09.10	Tjenestegjennomgang/utfordringsbilde - Oppvekst	Kenneth Bergstad
Kl. 09.10 – 09.30	Surnadal barne- og ungdomsskule – innspel frå ei eining i sektoren, «SUBUS – ein smeltedigle av moglegheitlar og nokre utfordringar»	Grund Walseth
Kl. 09.30 – 09.40	Pause	
Kl. 09.40 - 09.55	Tjenestegjennomgang/utfordringsbilde – Helse og omsorg	Gunhild Eidsli
Kl. 09.55 – 10.15	Bu og aktivitet – innspel frå ei eining i sektoren «Struktur, struktur og sambruk av personalressursar i notid og framtid»	Rakel Polden
Kl. 10.15 - 10.30	Tjenestegjennomgang/utfordringsbilde – Samfunn	Karin Halle
Kl. 10:30 – 10.50	Areal og naturforvaltning – innspel frå ei eining i sektoren «Yes, here we go» (Ikkje endeleg ☐ og trenger ikkje å vere ein overskrift	Håvard Stensønes
Kl. 10.50 – 11.00	Pause	
Kl. 11.00 – 12.00	Gjennomgang av talgrunnlag mv til det vidare budsjettarbeidet,	

Kl. 12.00 – 12.30	med moglegheit for å stille spørsmål og forhåpentlegvis få avklaringar	
	Lunsj	Vibeke Langli/Lars Inge Kvande

Etter at budsjettkonferansen var avslutta, vart det avholdt formannskapsmøte, kor følgande vedtak vart fatta:

Arbeidsplan for budsjettprosessen 2026

- **14. mai:** kommuneprop. for 2026 legges fram
- **26. juni:** Skisse av økonomiplan legges fram for kommunestyret
- **Juli/august:** overføring av lønn - og detaljbudsjett. Overføring av lønnsdetaljer etter at lønnsoppgjøret er innlagt i HRM. Senest 31.august. Ansvar økonomiavdelinga.
- **1. september:** Første gjennomgang av lønn- og detaljbudsjett på enhetsnivå. Ansvar enhetsledere og kommunalsjefer, økonomisjef bistår. Frist: 30.september.
- **6. oktober:** Statsbudsjettet legges fram (6-10.oktober: Høstferie)
- **16. oktober:** Budsjettkonferanse
- **17. oktober:** Andre gjennomgang av lønn- og detaljbudsjett, nye oppdrag legges inn. Administrativ behandling fram til 1.november.
- **3. november:** Forslag til økonomi- og handlingsplan 2026-2029 sendes ut til politisk behandling.
- **10,11 og 12. november:** Økonomi- og handlingsplan 2026-2029 behandles i alle utval.
 - HTU
 - Råd for eldre
 - Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne
 - Ungdomsrådet
 - Administrasjonsutvalget
 - Arbeidsmiljøutvalget
- **18. november:** Formannskapet behandler økonomi- og handlingsplan 2026-2029, og legger det ut på høring med frist 2.desember
- **9. desember:** Formannskapsmøte, kor høringsinnspela behandlast.
- **18. desember:** Endelig vedtak økonomi- og handlingsplan 2026-2029



Forslag til tiltak 2026-2029

Kommunedirektøren legg fram følgjande forslag til tiltak i planperioden. Dette er tiltak som kjem i tillegg til tidligare vedteke tiltak, som allereie er innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2026-2029.

Kommunedirektøren ønsker at alle råd og utval gir uttale på tiltaka og eventuelt kjem med nye tiltak i møtebehandling etter oppsett plan.

Ansvar	Tiltak	2026	2027	2028	2029
130 - kultur	Pause på bygdebok etter bind 6	kr 600 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
150- politisk verksemd	Redusere møtegodtgjersle	kr 400 000	kr 400 000	kr 400 000	kr 400 000
150-politisk verksemd	Vurdere deltaking i interkommunale politiske råd				
	Kontingent Trøndelag SørVest		kr 300 000	kr 300 000	kr 300 000
239 - SUBUS	Avslutte kantinetilbod	kr 500 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
239 - SUBUS	Avslutte MOT samarbeidet	kr 200 000	kr 200 000	kr 200 000	kr 200 000
239- SUBUS	Kjøre digitale tenester - vaksenopplæring	kr 400 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
Oppvekst	Vurdering av språkressursar, gruppedeling mv.	kr 2 500 000	kr 5 000 000	kr 5 000 000	kr 5 000 000
Oppvekst	Leirskule - Bjørnsund vs Søvassli	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000

460-teknisk	Omstilling reinhald	kr 400 000	kr 1 600 000	kr 1 600 000	kr 1 600 000
Sum tiltak		kr 5 100 000	kr 10 600 000	kr 10 600 000	kr 10 600 000
Område som allereie er med i grunnlaget til budsjett					
Fleire enheter	Interkommunalt samarbeid		kr 400 000	kr 800 000	kr 800 000
Fleire enheter	Nedtrekk årsverk		kr 2 000 000	kr 4 000 000	kr 4 000 000

Grunnlagstal budsjett 2026

Sentrale driftsinntekter

Sentrale driftsinntekter	Beløp	Beskriving
Rammetilskot frå Staten	295,4,6 mill	Det samla rammetilskotet i statsbudsjettet er utrekna til 295,4 mill. Vi bruker tal frå KS prognose si berekning. Vil du lese meir om korleis rammetilskotet er berekna kan du lese her: Frie inntekter 2026 - regjeringen.no
Inntekt- og formuesskatt	221 mill	Vi brukartal frå KS prognose si berekning. Skatteinntektene for 2026 vil ikkje vere endeleg kjent før i januar 2027.
Eigedomsskatt vannkraftanlegg	8,0 mill	Grunnlaget for utekninga kjem ikkje før månedsiftet nov/des, det er derfor lagt fram eit budsjettforslag med grunnlag i regnskapet for 2025. Denne er no motteke og medfører at inntekta nedjusterast frå 11,65 mill til 8 mill. Statkraft eig fire kraftverk i Surnadal - Gråsjøen, Svorka, Trollheim og Nordsvorka. Produksjonen frå desse anlegga utgjer

		størsteparten av eigedomsskatten på energianlegg. Formuesgrunnlaga på kraftstasjonane i Folldalen har vorte redusert dei siste åra, og dermed er inntekta redusert dei siste åra. Det er dessverre grunn til å tru at dette vil fortsette framover.
Eigedomsskatt bustader og fritidsbustader	18,9 mill	For skatteåret 2026 ligg det ein promillesats på 4,0 promille til grunn for budsjettalet. Dei aller fleste eigedomane får skattetaksten utrekna frå bustadverdien av formuesgrunnlaget frå Skatteetaten. I dag legg vi til grunn bustadverdiar på ca 2 100 bustader frå skatteetaten sitt formuesgrunnlag. Dette utgjer ca 50% av alle bustader og fritidsbustader i kommunen. Vi takserer sjølv ca 400 våningshus, 100 bustadhus og 1500 fritidsbustader. For budsjett 2026 brukar vi det siste grunnlaget for bustadverdiar - dei som gjeld for 2025. Vi antek at det blir ei lita auke på formuesgrunnlaget som gjev ei lita auke i inntekt, erfaringsvis ca 5-8%.
Eigdomsskatt næring (inkludert kraftlinjer)	8,6 mill	For eigedomsskatt næring held vi rekneskapstala for 2025 som grunnlag for budsjett. Maksimum promillesats på 7 er lagt til grunn likt som i tidlegare år. Det blir og skrive ut eigedomsskatt på kraftlinjer som er definert som produksjonrelatert nett. Statnett eig mykje av kraftlinjene i kommunen, og etter vedtak i sakkyndig nemnd i fjor blir inntekta redusert på disse anlegga med 1 mill.
Konsesjonskraftinntekter	11,0 mill	Som kraftkommune er Surnadal ein aktør i markedet for konsesjonskraft. Svorka har fått oppdraget med forvaltning av konsesjonskrafta til kommunen. For 2026 er det gjennomført sikringsavtalar, og dette vil gje kommunen ei inntekt på omlag kr 11 mill , og det er dette beløpet som er lagt til grunn i budsjett for 2026.
Konsesjonsavgift	6,9 mill	NVE står for utrekninga av konsesjonsavgifter og fordelinga mellom dei berørte kommunane. Avgifta indeksregulerast kvart femte år. Sist avgifta var regulert var i 2023. Heile beløpet blir sett av på næringsfondet i kommunen, og retningslinjene for bruken av næringsfondet var revidert i Kommunestyret 18.03.20.
Integreringstilskot	29,9 mill	I budsjettet legg administrasjonen til grunn at kommunen skal busette 20 flyktningar i 2026 .

		I beregna tilskot legg vi til grunn at vi får 20 nye flyktningar, i tillegg til dei som allereie er busett i kommunen. Integreringstilskotet er fordelt på same måte som det ordinære rammetilskotet, men da ut frå ei vurdering av kor det er behov for ekstra budsjетtrammer som følgje av tjenester som er retta spesielt mot flyktningane. Dette gjeld t.d. barnehage og skule, helse og familie, vaksenopplæing og integrering (norskopplæring og miljøarbeid), samt teknisk (vaktmesterbistand ved innflytting, boligtilpasning / innkjøp av møbler mv). Det er også berekna at vi skal busette 5 enslige mindreårige flyktningar. Tilskot knytt til denne busettinga er lag til grunn i ansvar 238 Vaksenopplæring og integrering.
--	--	--

Sentrale driftsutgifter

Sentrale driftsutgifter	Beløp	Beskriving
Tilskot privat barnehage	13 mill	Dette gjeld tilskot til Bårdshaugen barnehage.
Tenestekjøp Trollheim	1,15 mill	Dette beløpet er for høgt berekna og nedjustert frå 2,7 mill til kr 1,15 mill.
Tenestekjøp andre	0,5 mill	Tenestekjøp for krisesenteret i Orkdal og omegn og NOK Møre og Romsdal (senter for seksuelle overgrep). I budsjett er det lagt inn ei auke på 3,9% i forhold til tilskot gjeve i 2025.
Tilskot avtaler	0,89 mill	Tilskotet til Surnadal Alpineigedom (kr 850 000). Tilskotet til Røde kors, beredskapsavtale er auka frå kr 40 000 til kr 50 000.
Diverse tilskot	1,4 mill	Tilskot til lag og organisasjonar vidareførast på same nivå som i 2025

Finansutgifter og inntekter

Finansutgifter og inntekter	Beløp	Beskriving
Rentekostnader	41,6 mill	Talet som er lagt til grunn er berekna ut frå dagens lånegjeld, inklusiv eit nytt låneopptak inntil 100 mill. Etter ny berekning kor avdrag på lån er hensynteke er rentekostnadana justert ned frå 42,7 til 41,6 mill. Det nye låneopptaket må gjerast

		for å finansiere foreslåtte investeringar for 2025. I beløpet ligg og andel rentekostnader til formidlingslån (startlån/Husbanken) og omkostningar knytt til låneopptaket. Det er lagt til grunn ei budsjett rente på 4,67% for 2025.
Avdrag på lån	34,5 mill	Etter ny berekning er avdrag på lån justert ned frå 35,3 mill til 34,5 mill. Det er lagt til grunn eit minimumsavdrag i tråd med føringar i kommunelova. Beløpet er basert på anslag for avskrivningar og bokført verdi av anleggsmidlar i 2025.
Utbytte	4,5 mill	Utbytte frå Svorka og Remidt næring.
Gevinst og tap på finansielle instrument		Vi har nokre midler i aksjefond. Dette fondet seiast opp i 2026, og midlane brukast til å styrke kommunens likviditet.
Renteinntekter	3 mill	Vi legg til grunn ei renteinntekt på 3 mill
Finansiering av investeringar etter investeringsplana		
Låneopptak og ubrukte lånemidler	100 mill	I investeringsplana for 2026 er det til grunn at nye investeringar skal finansierast ved bruk av lån på omlag kr 152 mill. Kommunedirektør foreslår at det bli teke opp eit nytt lån på 100 mill, og i tillegg foreslår ein å bruke inntil 50 mill av ubrukte øanemidlar.
Lån for videre utlån (startlån)	5 mill	Startlån er ei ordning der kommunane kan låne pengar frå Husbanken for vidare utlån til innbyggjarar i kommunen. I økonomireglementet for Surnadal kommune står det at startlån er behovsprøvd og skal kunne innvilgast til unge i etableringsfasen, barnefamiliar, einslege forsørgjarar, funksjonshemma, flyktningar, personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og andre økonomisk vanskelegstilte husstandar. For 2025 og framover i planperioden foreslår kommundirektøren at ein foretar eit låneopptak på kr. 5 mill til dette formålet.

Bruk og avsetning av fond

Bruk og avsetning til fond	Beløp
Avsetning til fond:	
Konsesjonsavgift avsette til næringsfond	6,9 mill
Avsetning til sjølkostfond- vatn	2,1 mill
Sum avsetning fond	9,0 mill
Bruk av fond:	
Jmf vedtektene skal kr 200 000 avsettast av konsesjonsavgifta	0,2 mil
Bruk av landbruksfond	0,5 mill
Bruk av næringsfond - diverse formål	4,2 mill
Til bruk i drift innafor arbeidsoppgåver innen samfunnsoppdrag, boligfeltutvikling, sentrumsplan, miljøfyrtårn, innbyggermedvirkning, næringstomter, natur og friluftsliv – arealplanlegging.	1,0 mill
Bruk i drift til formålet: knytt til tilrettelegging næringsutvikling, bedriftsrådgiving, gründerhjelp – Hoppld, sikkerheit/beredskap, rekruttering , omdømme, bolyst, informasjon/kommunikasjon	1,0 mill
Bruk av sjølkostfond -avløp	0,134 mill
Sum bruk av fond	6,834 mill

Tenesteområda

- Det er teke utgangspunkt i år 2 i fjorårets økonomiplan.
- Det er berekna inn ei prisvekst lik defaltor på 3,5%.
- Det er lagt inn ei felles " lønnsnett" på 8,8 mill som skal ta høgde for lønsveksten i 2026. Dette beløpet blir fordelt til enhetene etter at lønnsoppgjøret er ferdig neste år.
- Trekk til fordeling pensjon og fellestenester er satt til 17,5 %

Tiltak gjennomført i 2025 er viareført i 2026 og resten av planperioden

Gebyrregulativ:

Den generelle satsen for gebyrauke er sett til 5,0 %, med avvik i begge retningar der det er andre faktorar som er vektlagt.

Gebyr på vatn og avløp er redusert med 6,41% frå satsane i 2025. Brukarbetalingar og gebyr er innbaka i einingane sine nettobudsjett.

Endringar på enhetsnivå:

Endring i ramme er vurdert ut frå ei grundig gjennomgang av stillingsbudsjett ,og inntekter og kostnader i detaljbudsjett på kvar enhet. (alle tal i heile tusen)

Ansvar	Opprinneleg vedteke ramme inkludert prisvekst	Nytt forslag til Ramme	Kommentar
100 - Sentraladministrasjonen	35 090	35 795	• Alle felles system for kommunen er handtert her: auka kostnader utover løns-og prisvekst (lagt inn meir for å tette noko av gapet frå tidligare år) • Ein ansatt fortset som 50% prosjektstilling nytt helsehus • Kr 225 000 brukes av næringsfond knytt til tilrettelegging næringsutvikling, bedriftsrådgiving, gründerhjelp – Hoppld, sikkerheit/beredskap, rekruttering , omdømme, bolyst, informasjon/kommunikasjon. Kjem i tillegg til kr 775 000.
130 - kultur	5 353	5 010	• Enheta vil frå 2026 organisatorisk slått saman med Kulturskulen. I tillegg vil frivilligsentralen bli flytta inn i kulturhuset, og kulturhuset skal byggast om. Dette vil skape synergieffektar i forhold til oppgåver og personell. • Kostnader avtale Hotellet tatt ut • Kostnader leigeavtale Frivilligsentral er tatt ut for deler av året.
150 - politisk verksemd	4 048	4 546	• Foreslår ei nedjustering på kr 40 000 i forhold til første forslag. Frå 4596 til 4556. • Enheta vil få auka kostnader på godtgjersle i 2026, på grunn av auke i satsen på møtegodtgjersla. • Enheta blir belasta fleire større kostnader bl.a • Kontingentar til Nordmøre Interkommunale politiske råd og

			Interkommunalt politisk råd Trøndelag SørVest (sum kr 510 000) - Lisensar ved bruk av kommuneTV (om lag kr 120 000) - Disse kostnadane vil auke ut over forventa løns-og prisvekst.
223 - Midtigrenda barnehage	12 406	13 643	- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling - Får auka ramme på grunn av enkeltvedtak og styrking av barnehage tilbud - Enheta vil få ein felles enhetsleiar saman med Øye og Solbakken barnehage frå 2026, og dette er hensynteke i rammetildelinga.
227 - Øye og Solbakken	23 433	23 666	- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling - Enheta vil få ein felles enhetsleiar saman med Midtigrenda barnehagefrå 2026, og dette er hensynteke i rammetildelinga.
231 - Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter	12 260	11 650	- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling barnehage - Enheta får ein felles enhetsleiar saman med Todal og Stangvikoppvekstsenter og Mo oppvekstsenter, og dette er hensynteke i rammetildelinga.
233 - Mo Oppvekstsenter	10 015	10 878	- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling barnehage - Enheta får ein felles enhetsleiar saman med Todal og Stangvik oppvekstsenter og Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter, og dette er hensynteke i rammetildelinga.
234 - Todalen og Stangvik oppvekstsenter	17 437	15 639	- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling barnehage - Reduksjon av kostnader I takt med færre elevar I 2026. - Enheta får ein felles enhetsleiar saman med Mo oppvekstsenter og Bøfjord og

			Bæverfjord oppvekstsenter, og dette er hensynteke i rammetildelinga.
238 - Vaksenopplæring og integrering	20 832	0	• Den delen som omhandlar vaksenopplæring blir flytta til Surnadal barneog ungdomsskule, og ramme knytt til denne tenesta overflyttast dit. Omlag 6 mill. • På vaksenopplæringa vil fleire område bli redusert (både inntekter ogkostnadar)på grunn av færre busettingar. Det gjeld i hovedsak følgandeområde: • Introduksjonlønn • Kostnader læremateriell • Refusjon frå andre kommunar kjem bort i si heilhet • Norsktilskotet reduserast vesentleg I den delen som omhandlar integrering blir teneste lagt saman medHelse og famlie. Her auker fleire områder (både kostnadar og inntekter)på grunn av busetting av fleire einslige mindreårige flyktingar. • Det gjeld i hovedsak følgjande område: • Tilskot til einslige mindreårige flyktningar • Kostnader husleige og avtale med NOFO (Nordmøre folkehøgskule) • Samla sett vil Integreringa finansiere seg sjølv på grunn av auka inntekter. • På begge enheter reduserast antall ansatte i takt med færre busettingar. • Nytt navn: Integreringstenesta. Får felles enhetsleiar med Helse og familie.
239 - Surnadal barne - og ungdomsskule	75 766	80 298	• Enheta vil få tilført tenesten vaksenopplæring frå 2026, og dette medfører ei auke i ramme på omlag 6 mill. • Dette meiner ein vil gje synergieffektar på oppgåver og personell. • Enheta opplever reduksjon i inntekter frå betaling SFO og kantine. • Enheta har fått tilskot frå IMDI for året 2026.

			• Det er fleire ressursar knytt ekstra behov rundt elevar • Det er behov for færre språkassistentar
310 - Helse og familie	31 847	35 007	• Enheta har to ønska tiltak for 2026. Disse ønska er per no ikkje lagt inn i rammetildelinga. • kommunen er pålagt å ha kommuneoverlege og psykolog, og dette er hensynteke i rammetildelinga. • Midlar til LIS (lege i turnus) er innlagt i ramme for delar av året. • Det er betydelig auke i kostnader i avtalar vi har med legevakt og HIPS, og dette er hensynteke i rammetildelinga. Enheta vil frå 2026 også ha ansvar for integreringstenesta.
330 - sjukeheimen	64 636	67 631	• For å oppretthalde forsvarlege tenester ser ein at opprinneleg nedtrekk av ramme blir for stor. • Kostnader til ferievikarar er hensynteke. • Har fått kostnader knytt til ny avtale om oppfølging og vedlikehald på medisinteknisk utstyr.
340 - Bu og aktivitetsteneste	64 547	72 402	• Frå 2026 må det opprettast barneavlasting for 2 nye barn • Inntekt for ressurskrevande brukarar på teneste oppretthaldast på 2025 nivå.
350 - Heimetenesta	47 138	46 281	• Etter gjennomgang av faktiske kostnader på enheta i forhold til regnskapstal 2025, ser ein at ein kan ta ned ramma noko. • Enheta skal i løpet av 2026 oppgradere elektroniske dørlås til brukarane.
360 - NAV	14 846	21 226	• Prognosen her er at på sosialhjelp og tilskot til bustader, vil denne halde seg minimum likt som for 2025, dvs ei auke på om lag 6 millionar i forhold til opprinneleg budsjett for 2025.

Økonomiplan for 2026-2029

			• Ein antek at ramma kan reduserast framover i tid.
430 - VARF	-10 566	-10 031	• Sjølkostrekneskapet er utarbeidd i samarbeid med Visma Momentum. • «Overskuddet" som ligg til grunn i budsjett skal dekke rentekostnader og avskringar.
440 - Areal og naturforvaltning	8 222	8 222	• Bruk av næringsfond 1 mill • Blir brukt innafor arbeidsoppgåver innen samfunnsoppdrag, boligfeltutvikling, sentrumsplan, miljøfyrtårn, innbyggermedvirkning, næringstomter, natur og friluftsliv – arealplanlegging.
460 - Teknisk drift	32 850	34 235	• Ansvar 460 er ei av enhetene som har hatt auka kostnader i samband med busetting av flyktningar. Frå 2026 vil disse kostnadane reduserast på grunn av færre som blir busatt. Reduksjon i kostnader kjem blant anna på: • Leige av paviljong på Øyeområdet • Husleigekostnader • Innkjøp av inventar og møbler Andre område som er lagt til grunn i rammetildelinga: • Reduksjon av kostnader vegar - omlag kr 1 mill - kjem som eiga sak • Auka husleigeinntekter ved å auke husleiga til gjengs leige - halvårseffekt omlag kr kr 1 mill - kjem som eiga sak • Bassenget haldes stengt frå 1.april til 1.oktober - reduksjon av kostnader på omlag kr. 400 000 • Det er lagt inn eit beløp på kantslått og grusing om lag kr 500 000. • Det er lagt inn eit beløp på innkjøp av hjelmer og utstyr til brannvesenet kr 125 000 • Det er lagt inn beløp på vedlikehald av kulturhuset


503 - Tilskot	14 547	16 961	• Det største tilskotet gjeld Bårdshaugen barnehage – skal kompenseres for redusert foreldrebetaling . Nytt berekna tilskot for 2026 er på om lag 13 mill. • Regelverk og veileder for berekning av tilskot til private barnehagar er grundig gjennomgått hausten 2026. • Tilskot til Trollheim er for høgt berekna, og justerer til faktisk nivå. • Endring frå 18511 til 16961
510 - PPT Indre Nordmøre	3 467	3 467	Grundig gjennomgått - halder seg innafor opprinneleg vedteke ramme
520 - Surnadal og Rindal kulturskule	3 373	3 178	• Har justert ramme, da ein ansatt fortsett i prosjektstilling kulturhuset. Samtidig leiges det inn frå eksterne for å dekke inn dei oppgåvene den ansatte har. Endring frå 3 338 til 3 178 • Enheta vil frå 2026 organisatorisk slått saman med Kulturskulen
530 - kyrkjeleg fellesråd	6 871	7 121	• Det er lagt inn ei auke i ramme på kr 250 000 • Dette tilsvarer ei auke på 3,6%, berekna frå 2025 tilskotet.
542 - Indre Nordmøre Barnevernteneste	15 102	15 142	• kun ei mindre justering av opprinneleg budsjett

Utvikling i befolkning

Demografi

Befolkningsprognose

Økonomiplan for 2026-2029



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 - åringar	53	51	51	52	52	51	51	51	50	49	49
Barnehage (1-5 år)	294	291	287	274	267	272	273	273	271	271	270
Grunnskole (6-15 år)	642	650	639	650	643	640	626	610	589	586	584
Videregående (16-19 år)	271	256	249	241	245	242	240	253	267	264	256
Voksne (20-66 år)	3 318	3 291	3 265	3 224	3 200	3 150	3 137	3 110	3 090	3 054	3 007
Eldre (67-79 år)	958	956	961	954	956	967	960	951	937	942	964
Eldre (80-89 år)	353	374	395	427	428	432	444	459	473	471	484
Eldre (90 år og eldre)	61	61	58	59	67	82	83	85	93	109	108
Total	5 950	5 930	5 905	5 881	5 858	5 836	5 814	5 792	5 770	5 746	5 722


Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

Prognose vekst

Økonomiplan for 2026-2029

Grafen er i prosent



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 - åringer	100,0 %	96,2 %	96,2 %	98,1 %	98,1 %	96,2 %	96,2 %	96,2 %	94,3 %	92,5 %	92,5 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	99,0 %	97,6 %	93,2 %	90,8 %	92,5 %	92,9 %	92,9 %	92,2 %	92,2 %	91,8 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	101,2 %	99,5 %	101,2 %	100,2 %	99,7 %	97,5 %	95,0 %	91,7 %	91,3 %	91,0 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	94,5 %	91,9 %	88,9 %	90,4 %	89,3 %	88,6 %	93,4 %	98,5 %	97,4 %	94,5 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	99,2 %	98,4 %	97,2 %	96,4 %	94,9 %	94,5 %	93,7 %	93,1 %	92,0 %	90,6 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	99,8 %	100,3 %	99,6 %	99,8 %	100,9 %	100,2 %	99,3 %	97,8 %	98,3 %	100,6 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	105,9 %	111,9 %	121,0 %	121,2 %	122,4 %	125,8 %	130,0 %	134,0 %	133,4 %	137,1 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	100,0 %	95,1 %	96,7 %	109,8 %	134,4 %	136,1 %	139,3 %	152,5 %	178,7 %	177,0 %
Total	100,0 %	99,7 %	99,2 %	98,8 %	98,5 %	98,1 %	97,7 %	97,3 %	97,0 %	96,6 %	96,2 %


Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

Demografiutgiftar

Økonomiplan for 2026-2029

Tall i heile kr



	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	Totalt
0 - åringar	193 768	-193 768	0	96 884	0	-96 884	0	0	-96 884	-96 884	0	-193 768
Barnehage (1-5 år)	-955 854	-652 216	-1 472 228	-3 609 658	-1 943 662	1 388 330	277 666	0	-374 550	180 782	-277 666	-7 439 056
Grunnskole (6-15 år)	192 903	1 543 224	-2 121 933	2 121 933	-1 350 321	-578 709	-2 700 642	-3 086 448	-4 050 963	-578 709	-385 806	-
Videregående (16-19 år)	232 562	-374 696	-213 716	-218 044	109 022	-63 934	-79 986	364 002	360 178	-63 934	-207 854	-156 400
Voksne (20-66 år)	-657 749	-627 965	-376 791	-920 639	-527 171	-1 208 948	-222 918	-656 597	-482 030	-921 876	-1 043 354	-7 646 038
Eldre (67-79 år)	1 135 039	-133 534	333 835	-467 369	133 534	734 437	-467 369	-600 903	-934 738	333 835	1 468 874	1 535 641
Eldre (80-89 år)	885 728	4 650 072	4 650 072	7 085 824	221 432	885 728	2 657 184	3 321 480	3 100 048	-442 864	2 878 616	29 893 320
Eldre (90 år og eldre)	461 263	0	-1 383 789	461 263	3 690 104	6 918 945	461 263	922 526	3 690 104	7 380 208	-461 263	22 140 624
Total	1 487 660	4 211 117	-584 550	4 550 194	332 938	7 978 965	-74 802	264 060	1 211 165	5 790 558	1 971 547	27 138 852

Gebyr-og prislister

Betalingssatsar SFO

Betalingssatsar SFO

- Det blir gjevne søsken moderasjon med 30% for søsken nr. 2 og 3 i SFO. For fleire søsken er det 50% moderasjon. Det skal betalast 100% for det barnet som har det dyraste tilbodet.
- Opphaldstida blir utrekna etter dei øktene barna er påmelde og ikkje etter faktisk tid dei nyttar tilbodet. Øktene er opningstid til skulestart og skuleslutt til stengetid.
- For 1. og 2.trinn er det 12 timar gratis SFO-tid. I påmeldte SFO-økter kvar veke, blir difor til og med 12 timar utan betaling. Eventuell resterande SFO-tid blir fakturert etter gjeldande satsar.
- Det skal betalast for 11 månadar pr. år (juli er betalingsfri månad).

- Ingen familiar skal betale meir enn 6% av den totale årsinntekta for ein SFO-plass for elevar på 1.-4.trinn.
 - Det skal søkjast for eitt skuleår i gongen
 - Søknadsfrist for å få reduksjon er 31.august.
 - For søknadar som er motteke etter 31.august, blir vedtaket gjeldande frå den 1.påfølgande månad

Dette punktet utgår frå 01.01.2026:

“Det blir gjeve søsken moderasjon i SFO for søsken som går i barnehage med 30% for søsken nr. 2 og 3. For fleire søsken er det 50% moderasjon. Det skal betalast 100% for det barnet som har det dyraste tilbodet i barnehage eller SFO.”

Dette med bakgrunn i satsane for barnehageplass er vesentleg redusert, og at SFO i noen grad er gratis.

Betalingssatsar SFO

Gebyr	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Betalingssats for enkeltdagar i SFO pr dag	465	490	25	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Betalingssats for opphaldstid i SFO 12-17,9 t/v	2 272	2 385	113	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Betalingssats for opphaldstid i SFO enkelttimar	119	125	6	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	12 629	12 629	12 629	12 629
Sum Vedtak forrige periode	-233	-480	-635	-635
Sum Lønns- og prisvekst	11	11	11	11
Konsekvensjustert budsjett	-222	-469	-624	-624
Konsekvensjustert ramme	12 406	12 159	12 004	12 004
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	1 237	1 237	1 237	1 237
Sum Nye tiltak	1 237	1 237	1 237	1 237
Nye tiltak og realendringer budsjett	1 237	1 237	1 237	1 237
Ramme 2026-2029	13 643	13 396	13 241	13 241

Nye tiltak


Justering av ramme 2026-2029

- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling
- Får auka ramme på grunn av enkeltvedtak og styrking av barnehagetilbod

Enheta vil få ein felles enhetsleiar saman med Øye og Solbakken barnehage frå 2026, og dette er hensynsteke i rammetildelinga.

Øye og Solbakken barnehage

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Status

- Vi har 105 barn pr. okt. 2025 i eininga.
- Det er stor pågang på småbarnsplassar. Frå januar av skal vi ta inn 4 småbarn på Øye, då vi har born som flyttar over frå småbarn til storbarn og vi får dei siste brikkane i bemanningskabalen på plass.
- Vi driv godt med lokal kompetanseutvikling i regi av Nettverk Nordmøre.
- Vi arbeider for at begge barnehagane skal ha eit enda meir inkluderande leikemiljø og ein inkluderande kvardag. Her har vi mellom anna eit fokus på aukt bruk på bildestøtte og tydelegare dagsrytme

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Vi har fleirspråklege barn som skulle hatt meir språktrening og dagleg støtte enn vi klarar å få til innanfor det ordinære tilbodet.
- Vi har ikkje kapasitet/kompetanse til å gje den oppfølginga som nokre av dei minoritetsspråklege familiane treng
- Vi har ei auke i barn med behov for ekstra støtte og oppfølging ut over det som høyrer inn under det almennpedagogiske
- Det er utfordrande å få på plass personal med relevant kompetanse.

Mulegheiter

- Med tre barnehagar i same eining, har vi moglegheit til å nytte kompetanse på tvers.
- Stort fagmiljø gjev fleire å spele på i utviklingsarbeid gjennom Nettverk Nordmøre

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Aktivt utviklingsarbeid i barnehage og skule	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Etablere digitalpedagogar og lage nettverk for desse	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Inkluderande leikemiljø	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	23 854	23 854	23 854	23 854
Sum Vedtak forrige periode	-438	-904	-1 195	-1 195
Sum Lønns- og prisvekst	17	17	17	17
Konsekvensjustert budsjett	-421	-887	-1 178	-1 178
Konsekvensjustert ramme	23 433	22 967	22 676	22 676
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	233	233	233	233
Sum Nye tiltak	233	233	233	233
Nye tiltak og realendringer budsjett	233	233	233	233
Ramme 2026-2029	23 666	23 200	22 909	22 909

Nye tiltak


Justering av ramme 2026-2029

- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling

Enheta vil få ein felles enhetsleiar saman med Midtigranda barnehage frå 2026, og dette er hensynteke i rammetildelinga.

Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

I første halvdel av budsjettåret 26 har truleg barnehagen i Bøfjorden 20 plassar og 13 barn, den er bygd for 15 plassar, barnehagen i Bæverfjord har truleg 26 plassar og 20 barn. Bæverfjord barnehage er og bygd for 15 plassar.

Samla har da barnehagen 46 plassar. Barnehagen i Bæverfjord har opna ei midlertidig godkjent avdeling i eit av klasseromma på skulen. Dette arealet er lite egna som fast avdeling, difor er alle barna i Bæverfjorden sam-lokalisert inne i barnehagen og den andre avdelinga i skulen blir nytta som leike/avlastingsrom for leikegrupper.

Skulen har pr januar 38 elevar, og det er venta litt auke i elevtalet i åra framover. Skulen er 3- delt der 1.-2. trinn er samla, 3.-4. trinn er samla og 5.-7. er samla.

SFO har for våren har truleg 13 påmeldte.

Administrasjon består truleg av 33% einingleiar, 40 % rektor og 1 barnehagestyrarar i 80% administrasjon frå 1. januar 2026.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar og mulegheiter

Største endringa for eininga er at leiarstrukturen blei endra, pr dags dato er det fortsatt mykje usikkerheit kring ny struktur. Det er lagt opp til ei endring frå 100% einingsleiar ved eininga til ein felles for alle oppvekstsentra med ei teoretisk dekning på 33%. Rektor og styrar har i denne samanhengen ikkje

fått noko informasjon om korleis dette skal løysast vidare i drifta og mykje er usikkert og uklart pr november 25.

Avtroppande einingsleiar har sidan April-25 venta på instruksar og avgjersle i endringa men veit fortsatt ikkje i november kva eventuell anna stilling som blir tilbydd eller korleis det praktisk blir løyst på eininga, da med tanke på stillingsprosentar for styrar og rektor , og ansvarsområde for dei som fortsett i sine stillingar ved eininga.

Eininga har svært lite fråvær. Fråvær i skulen blir løyst internt og fråvær i barnehagen blir løyst internt eller ved bruk av fast kjend vikar. Eininga får litt auke i barnetalet i Bøfjorden siste året, men så langt utløyser det ikkje behov for fleire tilsette etter tilsett- eller pedagognormen. I Bæverfjorden er det trangt om plassen inne i barnehagen, det er opna ei midlertidig avdeling på skulen. Dette rommet fungerer såpass lite tilfredsstillande at det berre blir nytta som leike/avlastingsrom. Største utfordringane er lyd, garderobe, og toalett. Det er eit rom som for barnehagebruk er lite egna for pedagogisk arbeid.

Eininga har fortsatt håp om å få eit løft på skulebygget og varig løysing for barnehagen. Skulen er godt teke vare på, men mange rom er uendra sidan 1980, da skulen var opna.

I barnehagen i Bæverfjord er det ikkje tilstrekkeleg med areal for dei tilsette, det manglar ei god løysing på personalgarderobe og kontoret til styrar blir nytta til pauseavvikling.

Eininga har delteke i felles nettverk- og utviklingsarbeid i snart åtte år, i løpet av denne tida har *læringsmiljø, språk og skriv* og matematikk hatt hovudfokus. Her har vi heile perioden hatt med oss engasjerte og flinke utviklingslærarar, som har delteke i nettverk, saman med leiar har arbeidet vore vidareført i barnehagane og skulen.

Dei andre tilsette har vore påkopla og sett nytta i dette arbeidet, noko som igjen kjem eininga til gode og er med på å vidareutvikle ei framoverlent eining.

Med slike gode prosessar, bygges også eigarskap til arbeidsplassen. Når tilsette kjenner eigarskap, får eininga eit godt miljø der alle bidreg positivt, er løysingsorienterte og tar endringar på kort varsel.

Både barnehagane og skulen ser mulegheitane i nærmiljøet og naturen. Mykje av utviklingsarbeidet i barnehagane har vore nært knytta til dette. Skulen har også ivrige lærarar som ser potensialet i uteområdet og naturen som læringsarena. Deler av dette har vore knytt saman med overnatting ute, med garnfiske, soppstaking, fysisk aktivitet og mykje anna. Dette har vore knytt saman med den tradisjonelle undervisninga i for av m.a. opplæring i Excel, bildebehandling og anna skriftleg arbeid.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Aktivt utviklingsarbeid i barnehage og skule	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Etablere digitalpedagogar og lage nettverk for desse	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	12 462	12 462	12 462	12 462
Sum Vedtak forrige periode	-229	-473	-626	-626
Sum Lønns- og prisvekst	27	27	27	27
Konsekvensjustert budsjett	-202	-446	-599	-599
Konsekvensjustert ramme	12 260	12 016	11 863	11 863
Innsparingstiltak				
Justering av ramme 2026-2029	-610	-610	-610	-610
Sum Innsparingstiltak	-610	-610	-610	-610
Nye tiltak og realendringer budsjett	-610	-610	-610	-610
Ramme 2026-2029	11 650	11 406	11 253	11 253


Innsparingstiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling barnehage
- Enheta får ein felles enhetsleiar saman med Todal og Stangvik oppvekstsenter og Mo oppvekstsenter, og dette er hensynteke i rammetildelinga.

Mo oppvekstsenter

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Mo oppvekstsenter består i dag av ein barnehage med 2 avdelingar. Ei storbarnsavdeling med tilsaman 17 ungar, og ei småbarnsavdeling med 10 ungar. Det betyr at vi har 27 ungar og 37 plassar pr. i dag. I løpet av våren vil det bli tatt inn 4 barn til som er født i 2025, det vil da bli 31 ungar, (41 plassar tilsaman) på Mo barnehage.

Skulen har i dag 29 elevar. Vi har 3-deling; 1. og 2. trinn er saman, 3. og 4. trinn, og 5., 6. og 7. trinn er saman.

På SFO har vi pr. i dag 10 elevar frå 1.-3. trinn. Ingen påmelde frå 4. trinn i år. 12 timar gratis SFO for 1.-3. trinn, eit tilbod fleire benyttar seg av.

Mo oppvekstsenter har i dag 14 årsverk.

Frå 01.01.26 består administrasjonen av einingsleiar i 33,3 % stilling, styrar i 40% stilling og rektor i 40 % stilling.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar vi kjenner spesielt på i kvardagen, er å skaffe vikar. Det å sette av ubunden tid til ped.leiarane utan at den blir flytta på er meir vanleg enn uvanleg. Styrar har også faste dagar, men blir flytta på ut frå personalsituasjonen. Det er noko som kan føre til stress, for dei administrative oppgåvene må gjerast.

Økonomisk kjem vi til å merke at maksprisen for ein barnehageplass har gått betrakteleg ned, samt at det er 12 timar gratis SFO for dei i 1., 2. og 3. trinn. Vi forventar at det blir kompensert frå sentralt hold.

Når det gjeld mulegheiter har vi engasjerte og løysningsorienterte tilsette som vil det beste for ungane, læringsmiljøet og arbeidsmiljøet. § 12-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø, arbeider vi med kvar dag. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Eller som det står i Rammeplan for barnehagen under verdigrunnlag; vi skal "møte individets behov for omsorg, trygghet, tilhørighet og anerkjennelse og sikre at barna får ta del i og medvirke i fellesskapet".

Vi har også innarbeid ein god delingskultur på "bruket". Vi har også arbeid bevisst med at vi har "eit sett med ungar" på Mo. Er det nokon som treng hjelp har alle vaksne ansvar for å hjelpe, eller få tak i hjelp til den ungen. Eller det kan vere å gripe inn i konflikthar eller andre eksempel i kvardagen. Vi prøver å utnytte fordelane med å vere eit oppvekstsenter. For andre året har vi hatt ein felles tur for 4-og 5-åringane på barnehagen og skuleungane, noko vi håpar kan bli ein tradisjon.

Vi held fortsatt fokus på arbeidsmiljø og trivsel.

Vi er så heldige å ha spesialpedagog i staben. I tillegg til spesialpedagog-timar, og andre roller er dei ei god støtte i arbeidet med tidleg innsats, eller som det står i ny opplæringslov § 11-3 intensiv opplæring på 1.-4.trinn. Vi har tidlegare hatt livsmeistring på timeplana. I periodar timeplanfestar vi det i løpet av skuleåret. Det arbeidet har også stor overføringsverdi til SFO.

Det jobbes godt med nettverksarbeid i Surnadal. Læringsmiljø, den første delen av læringsløypa er grunnmuren i arbeidet med barn og unge. Tryggleik og tillit er grunnleggjande for all læring. Gode relasjonar er viktig, og det må vi arbeide bevisst med heile tida. 3 årsperioden med språk og skriv er avslutta som utviklingsarbeid, men vi har det fortsatt med oss i kvardagen. Dei neste 3 åra er matematikk tema for utviklingsarbeidet.

Det er også stort fokus på laget rundt barnet, og IKT.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Aktivt utviklingsarbeid i barnehage og skule	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Arbeide for eit godt lærings- og arbeidsmiljø med fokus på inkludering og trivsel.	31.12.2026	Iht. plan	Legge til rett for eit godt psykososialt leike- og læringsmiljø på alle arenaer.	Alle skal oppleve livsmeistring
Etablere digitalpedagogar og lage nettverk for desse	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	10 178	10 178	10 178	10 178
Sum Vedtak forrige periode	-187	-386	-510	-510
Sum Lønns- og prisvekst	24	24	24	24

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Konsekvensjustert budsjett	-163	-362	-486	-486
Konsekvensjustert ramme	10 015	9 816	9 692	9 692
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	863	863	863	863
Sum Nye tiltak	863	863	863	863
Nye tiltak og realendringer budsjett	863	863	863	863
Ramme 2026-2029	10 878	10 679	10 555	10 555


Nye tiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling barnehage
- Enheta får ein felles enhetsleiar saman med Todal og Stangvik oppvekstsenter og Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter, og dette er hensynteke i rammetildelinga.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Status

- Pr dagsdato er det 52 elevar ved skulen og 26 barn ved barnehagen.
- Administrasjonen består av; einingsleiar i 80% stilling, rektor i 40% stilling og styrar i 40% stilling. Både einingsleiar, rektor og styrar er vikar når det er behov, så den reelle administrasjonstida ligg i periodar noko under. Frå 1.1.26 blir det ein felles einingsleiar i 100% stilling for alle tre oppvekstsentra.
- Elevtalet er på tur ned til 43 elevar på skulen frå august 26. Vi får håpe barnetalet i barnehagen held seg stabilt mellom 30-35 ungar, og helst meir for å kunne oppretthalde elevtalet på skulen.
- Vi har pga gratis SFO for 1.-3. klasse ei auke i antall barn på SFO. Dette utløyser behov for fleire tilsette på SFO. Samt bruk av klasserom i SFO-tida, for å få plass til alle. Dette vil nok stabilisere seg frå august 26, og pga nedgangen i elevtalet, samt innsparingar, må vi frå neste skule- og barnehageår samarbeide med sfo og storbarn i barnehagen.
- Gratis SFO og redusert makspris i barnehagen (alle har no full plass i bhg) utløyser behov for fleire vaksne. Samt at inntekt går ned og drifta vert dyrare. Same gjeld kantine, her er det kun kost som er finansiert, vi bruker kvar dag ansatte i to skuletimar til å drifte kantina. Desse timane kunne vert brukt til tilpassaopplæring og på tidleg innsats.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Barnehagelokala er nedslitne og har behov for vedlikehald og oppgradering.
- Dårlig ventilasjonsanlegg i barnehagen.
- Manglande vedlikehald på bygg ute, gjeld raudbygget/barnehagebygget.

- Stor støyproblematikk i gymsal, behov for støydemping.
- Lite tilgang på vikarar, spesielt for barnehagen.
- Pga elevtalsnedgang, må vi nedbemanne ein god del på våre faste ansatte i skulen, i 2025 ordna dette seg med foreldrepermisjonar.

Moglegheiter

- Vi bruker aktivt alle romma vi har, og legg til rette for spesialundervisning på alternative arenaer.
- Same gjelder SFO og barnehagen.
- Stor fleksibilitet blant ansattgruppa. Positiv gjeng som vil det beste for barna.
- Sambruk av personale på tvers av skule og barnehage, og SFO.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Aktivt utviklingsarbeid i barnehage og skule	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Etablere digitalpedagogar og lage nettverk for desse	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	20 386	20 386	20 386	20 386
Sum Vedtak forrige periode	-2 997	-3 396	-3 643	-3 643
Sum Lønns- og prisvekst	48	48	48	48
Konsekvensjustert budsjett	-2 949	-3 348	-3 595	-3 595
Konsekvensjustert ramme	17 437	17 038	16 791	16 791
Innsparingstiltak				
Justering av ramme 2026-2029	-1 798	-1 798	-1 798	-1 798
Sum Innsparingstiltak	-1 798	-1 798	-1 798	-1 798
Nye tiltak og realendringer budsjett	-1 798	-1 798	-1 798	-1 798
Ramme 2026-2029	15 639	15 240	14 993	14 993


Innsparingstiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Får auka ramme på grunn av reduksjon av foreldrebetaling barnehage
- Reduksjon av kostnader I takt med færre elevar I 2026.
- Enheta får ein felles enhetsleiar saman med Mo oppvekstsenter og Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter, og dette er hensyneteke i rammetildelinga

Vaksenopplæring og integrering

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Vaksenopplæring og integrering har i skrivande stund totalt 17 tilsette. I tillegg til einingsleiar er 5 tilsette tilknytta integreringsavdelinga og 9 er tilknytta vaksenopplæringa. 1 økonomiansvarleg og ikt-ansvarlig.

Etter eit travelt år i fjor med mange 111 busettingar, har vi no fått landa litt. Dette har gjort noko med arbeidsmengden, da spesielt ved integrering. Her har vi tatt ned arbeidsstokken med fleire årsverk. Her kanskje våre litt for tøff, noko som gjer at vi igjen må være enda strengere på våre arbeidsoppgaver og plassere tjenestene vi gir ut til våre deltakere ut til riktig instans. Dette fører igjen til at heile kommunen merker mer på trykket.

Om aktivitetane ved eininga kan ein mellom anna nemne dette:

- Har i dag 12 deltakarar på vårt introduksjonsprogram.
- Ved vaksenopplæringa deltek omlag 35 elevar på opplæring i norsk og grunnskulefag
- I august 2025 starta 3 elev på vidaregåande skule fra oss. 6 ved ressursenteret ved Kristiansund.
- I løpet av 2025 kjem Surnadal kommune til å bosett 32 flyktningar.
- 01.01.26 vil vaksenopplæring ha 40 deltakere.
- Har i dag 12 i kategorien einsleg mindreårig. Nokon har kome aleine, og blir da plassert ved Nordmøre folkehøgskule. Dette med bakgrunn i ein samarbeidsavtale der dei får skuleplass og oppfølging ved Nordmøre folkehøgskule når dei kjem. Ein god start. Andre har avslutta sitt år ved Nofo, og over i skole eller arbeid. Ved vedtak om kategorien einsleg mindreårig fram til 20 år, har vi oppfølgingsplan med retningslinjer og føringa for ytelser Surnadal kommune står til ansvar for.

- Kor mange vi som kommune blir bedd om å tak imot neste år vil komme med tall i brev frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet i slutten november. Deretter blir det opp til kommunen å godkjenne dette eller ikkje.
- Ved integrering jobbes det bra med å få tak i praksisplassar til våre deltakarar. Her har vi eit godt samarbeid med næringslivet . Ser at arbeids-markedet generelt ikkje kjem våre til gode, da tal om flyktningar ut i ordinært arbeid går ned ved ferdig introduksjonsprogram og over på offentlig hjelp/nav.

Utfordringar og mulegheiter

I vårt arbeid med flyktningar møter vi menneske som opp i det heile er enkelt individ. Ulike nasjonaliteter, ulik bakgrunn, menneske som alle har ulike opplevelser som bakteppe for kvifor dei har kome hit, ulik bagasje, familie og ulike fremtidsplanar..

Difor må vi som kommune og integrering/vaksenopplæring kunne gi eit best mogleg individuelt tilpassa opplærings- og kvalifiseringstilbod.

Vi ser utfordringane med å skape ein felles forståing for flyktningarbeidet for heile kommunen. Ei forståing for at dette er eit felles ansvar. Her sitt vi som eining med god kunnskap og gode erfaringar. Vårt fagfelt er viktig blir tatt med vidare ut til andre einingar. Derfor ser vi på oss sjølv som en viktig deltaker i den kommunale tverrfaglig jobben.

Vi ser at kartlegging er en stor del av jobben for veien videre. Etter opplæringsloven har voksne krav om en god realkompetansevurdering. Dette er tidkrevende, men viktig. Sånn det er hos oss i dag har ingen denne oppgaven utenom integrering gjennom kartleggingssamtaler ved busetting. Dette er ikke nok og vi ser på dette som en utfordring fremover. Dette bør også komme over som en oppgave under vaksenopplæring.

Vi ser kor viktig det er å få barn og unge ut på fritidsaktiviteter, og som ein viktig brikke i integreringa her i Noreg. For alle er ikke dette ein naturlig del av kvardagen, og dette kan igjen føre til enda større utenforskap. Utfordringane er igjen å få dette gjennomført og fulgt opp alle. Samarbeid med frivillige og andre naturlige instanser som helse og barnevern kjem her inn.

Ved oppfølginga av ny busatte flyktningar havnar vi ofte i situasjonar der vi rett og slett ikke har på plass kven som har ansvar eller kva instans som skal inn. Vi har ingen legevakt? Kven skal hjelpe til med å passe barn når familiar uten nettverk treng hjelp? Små spørsmål og usikkerheita blir stor i eitt nytt ukjent land. Integreringsavdelinga her gjennom dei siste åra her gjort sin del, og meir enn det. Nye problemstillingar med behov for hjelpetiltak som trengs som ikkje er på plass fordi ein vanlig innbyggjar i Surnadal ikkje har same behov.

Vår enhet er avhengig av at kommunen busett flyktningar. Og ikke alle flyktningar treng like tett oppfølging. Derfor vi vår eining heile tida kjenne på denne uforutsigbarheten. Både med planarbeid, mål og ikke minst i forhold til bemanning.

Vi ser den tverrfaglige jobben som blir gjort på allereie busette som ein viktig veg framover. Så integrering inn i helse og familie blir ei god og riktig løysning.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	22 393	22 393	22 393	22 393
Sum Vedtak forrige periode	-1 617	-1 707	-1 707	-1 707
Sum Lønns- og prisvekst	56	56	56	56
Konsekvensjustert budsjett	-1 561	-1 651	-1 651	-1 651
Konsekvensjustert ramme	20 832	20 742	20 742	20 742
Innsparingstiltak				
Justering av ramme 2026-2029	-20 832	-20 742	-20 742	-20 742
Sum Innsparingstiltak	-20 832	-20 742	-20 742	-20 742
Nye tiltak og realendringer budsjett	-20 832	-20 742	-20 742	-20 742
Ramme 2026-2029	-0	-0	-0	-0

Innsparingstiltak

Justering av ramme 2026-2029

Dette er ei enhet med store endringer frå 2026.

- Den delen som omhandlar vaksenopplæring blir flytta til Surnadal barne og ungdomsskule, og ramme knytt til denne tenesta overflyttast dit. Omlag 6 mill.
- På vaksenopplæringa vil fleire område bli redusert (både inntekter og kostnader)på grunn av færre busettingar. Det gjeld i hovudsak følgjande område:
 - Introduksjonlønn
 - Kostnader læremateriell
 - Refusjon frå andre kommunar kjem bort i si heilhet
 - Norsktilskotet reduserast vesentleg
- I den delen som omhandlar integrering blir teneste lagt saman med Helse og famlie. Her auker fleire områder (både kostnader og inntekter) på grunn av busetting av fleire einslige mindreårige flyktingar. Det gjeld i hovudsak følgjande område:
 - Tilskot til einslige mindreårige flyktingar
 - Kostnader husleige og avtale med NOFO (Nordmøre folkehøgskule)


Samla sett vil Integreringa finansierer seg sjølv på grunn av auka inntekter.

På begge enheter reduserast antall ansatte i takt med færre busettingar

- Nytt navn: Integreringstenesta. Får felles enhetsleiar med Helse og familie.

Surnadal barne- og ungdomsskule

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Surnadal barne og ungdomsskule er ein 1 - 10-skule med 2 eller 3 parallellar per trinn. Det minste trinnet har 42 elevar og det største trinnet har 72 elevar.

1.-7. trinn har 332 elevar og primært for elevar som høyrer til i Nedre Surnadal, kommunesenteret Skei og nærområdet.

Når det gjeld ungdomsskulen har den 188 elevar og han er for alle elevane i Surnadal kommune på trinna 8., 9. og 10. trinn.

I tillegg til det ordinære time- og byteplanen har vi eit pedagogisk tilbod og samarbeid med "Inn på tunet." Dette gjeld ungdomsskulen. Vi har og eit samarbeid med Surnadal vidaregåande skule i faget arbeidslivsfag. Vi har fleire samarbeidsprosjekt med den kommunale kulturskulen. Samarbeid med VAINT om språkpraksis/ språkassistentar.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Handtere alle behov knytta til tilpassa opplæring. Både nasjonalt og lokalt ser vi ei auking i antalet elevar som treng tilpassingar av undervisninga. Det er eit mangfald av behov som skal møtast som strekk seg frå noko ekstra støtte i enkelte fag til 2-1 bemanning heile dagen. Dette

legg eit aukande press på eksisterande grunnbemanning.

- Surnadal barne- og ungdomsskule har tatt imot, og vil i framtida ta imot, nye elevar som kjem til Surnadal utan norskkunnskap. Desse elevane treng lærarar med kompetanse i norsk som 2. språk og språkassistentar. Inntaket av desse elevane skjer fortløpande gjennom skuleåret, dette gjer at det er noko usikkerheit knytta til organiseringa av tilbodet ved oppstart av skuleåret.
- Budsjettkutt i oppvekst. Skulen ligg svært tett på lærarnormen, og dei andre faggruppene i drifta er tett knytt til oppfølging av elevar som har enkeltvedtak.
- Tilpasse og justere den økonomiske ramma når ein får elevar som blir flytta i fosterheim i løpet av skuleåret.

Mulegheiter

- Avklaring om skulestruktur samt ny leiarstruktur i kommunen og lokalt på Surnadal barne- og ungdomsskule vil stabilisere leiargruppa og rette eit sterkare fokus mot utviklinga av skulen.
- Omorganisering av rollar i undergrupperingar vil gi tydeligare ansvarsområder og gjere det enklare å handtere den administrative delen av tilpassa opplæring.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Aktivt utviklingsarbeid i barnehage og skule	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Etablere digitalpedagogar og lage nettverk for desse	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Kartlegge behov for å evt dele klasserom for å sikre optimal bruk av tilgjengeleg areal	31.12.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Oppdeling av klasserom	31.12.2026	Ikke startet	Universell utforming og klart språk skal gjelde for alt vi produserer	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	76 956	76 956	76 956	76 956
Sum Vedtak forrige periode	-1 415	-2 919	-3 855	-3 855
Sum Lønns- og prisvekst	225	225	225	225
Konsekvensjustert budsjett	-1 190	-2 694	-3 630	-3 630
Konsekvensjustert ramme	75 766	74 262	73 326	73 326
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	4 532	4 532	4 532	4 532
Sum Nye tiltak	4 532	4 532	4 532	4 532

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Nye tiltak og realendringer budsjett	4 532	4 532	4 532	4 532
Ramme 2026-2029	80 298	78 794	77 858	77 858


Nye tiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Enheta vil få tilført tenesten vaksenopplæring frå 2026, og dette medfører ei auke i ramme på omlag 6 mill. Dette meiner ein vil gje synergieffektar på oppgåver og personell.
- Enheta opplever reduksjon i inntekter frå betaling SFO og kantine.
- Enheta har fått tilskot frå IMDI for året 2026.
- Det er fleire ressursar knytt ekstra behov rundt elevar
- Det er behov for færre språkassistentar

Helse og familie

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Helse og familie sørger for fleire lovpålagte tenester og funksjonar innanfor helsetenesta.

Fysioterapeutane sørger for fysioterapitenester og har i tillegg eit friskliv, læring og mestringstilbod. Tilbodet krev ei samkoordinering med andre tenestar innanfor organisasjonen og bistand frå frivillige, og er eit viktig tilbod for livsmestring på gruppe - og individnivå.

Helse og familie har ein 50% folkehelsekoordinator som arbeider målretta med folkehelsearbeid på tvers av tenester. Som eit ledd i kommunens førebyggjande arbeid har eininga kommuneoverlege (miljøretta helsevern). Saman utgjer kommuneoverlege med helsestasjon og miljøretta helsevern utgjer desse i eininga eit viktig arbeid knytt til smittevern for innbyggjarar i kommunen. Funn og kartleggingar som gjerast frå eit ungdoms - og folkehelseperspektiv gir også ei pekepinn på målretta tiltak eininga bør arbeide etter.

Eininga har dei siste åra hatt fokus på organisering av psykisk helse og rus på grunn av stort trykk og behov for tenester, og i 2025 fekk tenesta ein eigen fagleiar som skal bidra til ein raud tråd for både tilsette og tenestemottakarar. Dette var viktig i lys av HMS og arbeidsmiljøarbeid, ettersom psykisk helse og rus har ulike kontorstader rundt om i kommunen, men samtidig ynskjer at ein kan bruke kompetanse og ressursar på tvers og samhandle der det trengs for ei berekraftig teneste. I 2025 gjennomførte tenesta ei brukarundersøking hos ROP pasientar. Eininga opplever er ei stor utfordring knytt til busetting av personar med rus og psykiske lidningar.

Som andre tenester merker eininga ei auke av behov for tenester innanfor avlasting og støttekontakt. Fokus på pårønderrolla er viktig for eininga, og til dømes er familieveilederrolla eit etterspurt og mykje bruka tilbod som bidreg til å styrke familiar og born som kjem i kontakt med tenesta frå til dømes støttekontakt/avlastningstilbod.

Eininga verdsett tverrfagleg arbeid og bidreg inn i fleire prosjekt, til dømes innafor føde- barselomsorg og følgetjenesta, barn og unges helseteneste (der dei som treng hjelp og dei som skal hjelpe barn og unge forstår dei ulike tenestene slik at vi skape eit betre hjelpetilbod) eller “laget rundt barnet” der ein arbeider for å lage gode tverrfaglige lag rundt barn og unge, saman med oppvekst.

Legetenesta har frå hausten 2025 full fastlegedekning. Målet for tenesta er at ein skal sørge for fastlege til innbyggjarane - og ein går da ut i frå innbyggjartal. Eininga har ansvar for legevakt, tilsynsfunksjon ved sjukeheim og helsestasjonstilbud med LIS1 lege via skulehelsetenesta for ungdom.

Utfordringar og mulegheiter

For ei berekraftig utvikling av helsetenester bør ein ta vare på dei moglegheitene for rekruttering av kompetanse ein får, og legge til rette for å kunne behalde dei vi har. I fleire år har vi fått tilskot for å rekruttere og sikre naudsynt helsesjukepleiarressurs i kommunen for å styrke skulehelsetenesta.

I 2026 er det ikkje vidareført friske midlar for dette tilbodet og ein ser behov for å organisere helsesykepleierressursane ut i frå endra tilgang på ressursar. Det betyr ikkje at tilbodet blir dårlegare, men ein sikrar tilboda ute på skulen kring dei yngste barna enda meir og må etablerer ein systematikk i tilbod til ungdommar som lettare tar kontakt med helsestasjon ved behov. Ei utfordring for helsestasjon er at dei skal sørge for lovpålagte tilbod fordelt på 3,75 årsverk i 2026 og ein evaluering av tilbod frå helsestasjon - som reisevaksinasjon - må evaluerast.

Det er naturleg at det gir reduksjon på enkelte tilbod, og systematikk rundt dei treffpunkta vi har etablert. Ein prioritering i forhold til tilgjengelighet ute i skulane vurderast i forhold til antal elevar og alder på elevane mtp muligheit for å oppsøkje helsetenesta utom oppsett trefftid. Tilbod som reisevaksinering som krev tid og ressursar bør vurderast om ein kan redusere.

Fysio - og ergoterapeut tenesta ser mot helsehus og kan påverke positivt arbeidet innanfor førebygging, livsmestring - og rehabilitering på gruppe og individnivå. Det er viktig at tenesta her skal sørge for lovpålagte tenester til alle innbyggjarar, frå 0 -100 år. Evt tildeling av tenester gjerast ut i frå ein prioriteringsnøkkel og ein vurderer at tenesta fungerer godt i dag.

Eininga har bruka ressursar og er mykje involvert i arbeidet med å ivareta flyktningar som kjem eller har kome til Surnadal. Det er helsestasjon som tek i mot og kartlegg helsa til alle flyktningar som kjem til kommunen. Her knytt dei til seg relevante tenester ut i frå eit kartlagt behov og tek i mot både born, ungdom, vaksne og eldre som kjem. I bruken av lovpålagte tolketenester har ein sett ei naturleg auke på dei siste åra. Det er naturleg at dette viktige arbeidet for organisasjonen her utgjør ei auka utgift/og ressursbruk for både helsestasjon - og legetenesta vår. Det er og naturleg her at involvering fra tenestene våre er aukande i takt med somatiske og psykiske plager. Det kan vere hensiktsmessig at integreringstenesta og helsetenesta her havner under same organisatoriske “tak”, og ein trur det kan vere positivt for flyktningane som kjem med ein raud tråd i tilbodet frå a - å .

I 2025 gjorde ein brukarundersøking innafor psykisk helse og rust retta mot ROP. Arbeid med egna bustader og engasjementet for å sørge for heilhetlig omsorg for denne gruppa blir vesentlig framover når ein no skal sjå på våre heildøgnsstenester. Det er ei gradvis auke i rus og rusrelatert problematikk og ein må sikre tenester i tråd med omsorgs-trappa her. Ein har ikkje rom for å auke lønnsbudsjett i 2026 slik det er no, og eininga har store utfordringar knytt til rekruttering av psykolog, og ein har difor prioritert ei lovpålagt funksjon. Tettare samarbeid og involvering med andre tenester vil være berekraftig mtp rusomsorg spesielt framover. Eit samarbeid knytt til enkeltfunksjonar, som

ruskonsulentstilling med heimetenesta kan langt på vei sikre involvering frå både heildøgnsstenester samt sikre miljø for deling av kompetanse. Ein merkar at rusproblematikken har auka med åra - og pasientar dårlegare med auka behov. Eininga ynskjer at ROP bustader skal etablerast da det gir muligheiter og legg til rette for livsmestring for målgruppa.

Eininga har gjennomført psykososial vernerunde våren 2025, og vi har hatt fokus på HMS og arbeidsmiljøarbeid i 2025. Sykefråværstall har vorte kraftig redusert i 2025 samanlikna med 2024, fagleiing og auka moglegheit for nærværarbeid har i så måte bidratt positivt i dette arbeidet.

Eininga har etablert HMS gruppe der tillitsvalte og verneombod samt representantar frå tenester medvirker.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Forebygge sykdom, skade og sosiale problemer gjennom opplysningsarbeid, råd og veiledning systematisk	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmestring
Forebygge sykdom, skade og sosiale problemer gjennom opplysningsarbeid, råd og veiledning systematisk	31.12.2026	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Innkjøp av arbeidstøy helse og omsorg - vurdere gjeldande ordning og behov for ny avtale	31.05.2026	Iht. plan	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
Sikre ivaretaking av kommunens ansvar ovenfor pårørende (personar med særleg tyngande omsorgsarbeid) ved å tilby støttekontakt/avlastning	31.12.2026	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Sikre kartlegging arbeidsmiljø, medarbeidersamtaler, HMS grupper og HMS tiltak iht årshjul	31.12.2026	Ikke startet	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Sørge for allmenlegehjelp/fastlegetenester og legevakt	31.12.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Sørge for allmenlegehjelp/fastlegetenester og legevakt	31.12.2026	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Utarbeide strategi for framtidig boligstruktur innan helse og omsorg	31.12.2026	Iht. plan	Vi legg til rette for tilstrekkeleg boligbygging med gode og varierte boligtilbod og bomiljø for alle.	Gode varierte bomiljø og møteplassar
Utrede behov for innkjøp av ny legevaktsbil	31.12.2026	Ikke startet	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	32 134	32 134	32 134	32 134
Sum Vedtak forrige periode	-474	-603	-603	-603
Sum Lønns- og prisvekst	187	187	187	187
Konsekvensjustert budsjett	-287	-416	-416	-416
Konsekvensjustert ramme	31 847	31 718	31 718	31 718
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	3 160	3 160	3 160	3 160
Sum Nye tiltak	3 160	3 160	3 160	3 160
Nye tiltak og realendringer budsjett	3 160	3 160	3 160	3 160
Ramme 2026-2029	35 007	34 878	34 878	34 878

Nye tiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Enheta har to ønska tiltak for 2026. Disse ønska er per no ikkje lagt inn i rammetildelinga.
- kommunen er pålagt å ha kommuneoverlege og psykolog, og dette er hensynteke i rammetildelinga.
- Midlar til LIS (lege i turnus) er innlagt i ramme for delar av året.
- Det er betydelig auke i kostnader i avtaler vi har med legevakt og HIPS, og dette er hensynteke i rammetildelinga.

Enheta vil frå 2026 også ha ansvar for integreringstenesta.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

	Prioritet	Endringskode	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Midler til oppgradering av kommunalt hjelpemiddellager	1	Tiltak utover ramme	200	0	0	0
Ønsket fornying av møbler	2	Tiltak utover ramme	860	0	0	0
venteareal, AI journaltenester og nye gynekologi undersøkelsesstoler x 6						
Sum			1 060	0	0	0

Nye tiltak

Midler til oppgradering av kommunalt hjelpemiddellager

Det kommunale hjelpemiddellageret i Surnadal er i dag ikke tilstrekkelig for å håndtere etterspørselen, og noe av de tilgjengelige hjelpemidlene er av dårlig kvalitet.

Kommunen ha et utvalg av hjelpemidler tilgjengelig for å imøtekomme de helsemessige utfordringene. Dette er lovfestet og kommunens ansvar gjelder uavhengig av varigheten av behovet.

Gevinsten ved å ha tilgjengelige hjelpemidler på kommunalt lager, bidrar til at man kan ta imot utskrivningsklare pasienter på et tidligere tidspunkt. Brukeren kan da komme hjem i egen bolig og være så selvstendig som mulig under rehabiliteringen.

Ergoterapeut angir disse hjelpemidlene spesifikt:

Sykeseng: 30.000,- (gjernes x 2-3, som er lette å frakte)

Personløfter: 27.000,-

Komfortrullestol: 15.000,-

Manuell rullestol: 6000,-

Elektrisk prekestol: 20.000,-

Løfte/hvilestol: 18.000,-

Gripostang m tilbehør: 10.000,-

Terskeleliminator: Fra 1000,- (avhengig av str)

Rullestol til barn: 6000,-

Luftmadrass 90x200: 5000,-

Hjertebrett


Ønsket fornying av møbler venteareal, AI journaltenester og nye gynekologi undersøkelsesstoler x 6

Legetjenesta ønsker nye gynekologistoler, og som ei fortsetting på utskifting av medisinsk utstyr ved tenesta er dette eit ynskja tiltak på grunn av vurdert behov for ei fornying på området.

Ergonomiske venteromsmøbel (20) sitteplassar er ønska pga slitasje på dei som er der. Ønskeleg med å benytte AI journalprogram ved journalføring for å kunne nytte tida meir effektivt.

Sjukeheimen

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Sjukeheimen har pr i dag 60 pasientrom, derav 52 langtidsplassar og 6 korttidsplassar. Medrekna i 60 rom er 2 ØHD- rom (Øyeblikkelig Hjelp Døgnoophald) som ligg i tilknytting til korttidsavdelinga. Ved press på tenestene nyttast eit av ØHD-romma til rom for korttidsopphald.

Sjukeheimen har om lag 90 årsverk fordelt på 111 tilsette. Den faste bemanninga er dimensjonert for belegg av 58 plassar samt noko innlegging på ØHD. Sjukeheimen har i fleire år arbeidd målretta med heiltidskultur og i dei 90 årsverka ligg og ein del av våre vikarressursar.

Av kompetanse har vi sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, vernepleiarar, kokkar og fysioterapeut. Nokre har vidareutdanningar, t.d. i kreftomsorg og palliasjon. I tillegg har vi ein fagutviklingssjukepleiar. Vi har og assistentar og merkantile funksjonar. Alle leiarane ved sjukeheimen har, eller er i ferd med å ta, leiarutdanning.

Det arbeidast systematisk med utviklingsarbeid. Vi har ulike fokusområde som vi arbeider med etter ein kompetansesirkel der fokus er forankra i tilsettegruppa.

Sjukeheimen har vaskeri- og kjøkkenetester samt sørwiseavdeling. Dette gjer tydelegare oppgåvedeling mogleg og med dette får ein meir helsefagleg kompetanse rundt pasientane og mindre rundt dei praktiske arbeidsoppgåvene.

Utfordringar og mulegheiter

Organisering

Ved dei siste utlysingane har sjukeheimen hatt fleire kvalifiserte søknadar. Tross dette er rekruttering av fagfolk ei utfordring framover. Vi må fortsette å arbeide for å finne gode tiltak både for å behalda og rekruttera innan alle dei ulike gruppene av tilsette. Dei siste åra har og rekruttering av andre yrkesgrupper enn sjukepleiarar og vikarar vore eit problem.

Våren 2024 omorganiserte vi ein del på leiarstukturane og avdelingane på sjukeheimen. ØHD-plassane (Øyeblikkelig Hjelp Døgnoophald) vart flytta heim frå Orkland kommune. Med omorganiseringa har vi betre sjukepleiardekking rundt korttids- og ØHD-plassane.

Vi har og meir fokus på leining rundt dei praktiske arbeidsoppgåvene og bruk av ressursane ved sjukeheimen på ein bærekraftig måte.

Arbeidstid

Sjukeheimen har gjennomført omlegging av turnus med langvakter på helg. Dei fleste tilsette arbeider fleire timar på helg etter omlegginga. Omlegginga starta i mars 2022 og har frå hausten 2023 vorte ei fast ordning.

Langvakter på helg er med på å redusere talet på små helgestillingar. Turnusordning med langvakter på helg gjer arbeidet med heiltidskultur litt lettare og det betrar kontinuitet i pasientoppfølginga.

Dei siste par åra har tilleggsløn for ubekvem arbeidstid vore eit prioritert tiltak både nasjonalt og lokalt. Surnadal kommune si ordning med bonusløn for faste tilsette som arbeider ekstra helg, har bidratt til å løyse noko av utfordringane med bemanning på helg.

Kompetanse

På sjukeheimen arbeidas det målretta med utviklingsarbeid. Vi arbeider med å styrke kompetansen innan alle områda i organisasjonen. Rolleavklaring har det vore arbeidd mykje med på sjukeheimen dei siste åra.

Sjukepleiarrollen har vore spissa opp mot arbeidsoppgåver som berre sjukepleiarane kan gjere, praktiske arbeidsoppgåver har vorte lagt i større grad til ufaglærte (eiga sørwiseavdeling).

Prioriteringar

Våren 2024 arbeidde leiargruppa ved sjukeheimen saman med tillitsvalde, vernetenesta og andre i tilsettegruppa for å trygge personalet i prioriteringsarbeidet ved press på tenestene. Arbeidet resulterte i ei rutine som er gjort kjent og som er lett tilgjengeleg for tilsette om ein står i situasjonar der ein manglar personell.

Det er stadig større fokus på prioriteringar innan den kommunale helsetenesta og ein nasjonal veileidar for prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester vart ferdigstilt tidlegare i 2025.

Digitalisering

Sjukeheimen har fått moglegheit til ein del investeringar i velferdsteknologi. Saman med ulike andre virkemiddel er dette eit viktig bidrag i å møte framtidige utfordringar med ei meir bærekraftig drift av helsetenestene.

Behovet for omstilling og ei høg innovasjonstakt der nye arbeidsformer trer fram, gjer tett og systematisk leiaroppfølging, og samarbeid på tvers av fagfelta It og helse, viktig for å lukkast.

Oppgåvedeling

Helsepersonellkommisjonens utgreiing NOU 2023: 4 *Tid for handling. Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste*, er tydeleg på at vi må arbeide systematisk for å fremme riktig oppgåvedeling, og bruke personell på andre måter enn før.

Utgreiinga peikar på at mangel på helsepersonell er den største utfordringa vi står ovanfor i den kommunale omsorgstenesta. Den viser tydeleg at det må gjerast systematiske vurderingar av om formell helsekompetanse er nødvendig for dei ulike oppgåvene. På sjukeheimen begynte vi tidleg med dette arbeidet.

Allereie i 2017 oppretta vi sørviseavdelinga og flytta ein del faste ufaglærte stillingar dit. Tilsette utfører praktiske arbeidoppgåver og avlastar helsefagleg kompetanse slik at helsepersonell i størst mogleg grad arbeider direkte pasientretta.

Meir systematisk opplæring i mat og ernæring og større fokus på tverrfaglig samarbeid mellom kjøkken og helsepersonell vil og bidra til bedre arbeidsfordeling. Dette kan igjen frigjere tid til pleieoppgåver, bidra til eit tryggare mattilbud og meir effektiv og kunnskapsbasert ernæringsoppfølging.



Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Forankring administrativt og politisk av prioriteringar og kvalitetsstandardar ved sjukeheimen	31.12.2026	Ikke startet	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Gjennomgang av gjeldande turnusodningar/turnusprotokollar - helse og omsorg	17.06.2026	Ikke startet	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
HMS handlingsplan som eit verktøy	31.12.2026	Ikke startet	Utnytte digitale verkty og hjelpemiddel for å effektivisere arbeidsprosessar	Berekraftig tenesteproduksjon
Innkjøp av arbeidstøy helse og omsorg - vurdere gjeldande ordning og behov for ny avtale	31.05.2026	Iht. plan	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
Redusere matsvinn	31.12.2026	Iht. plan	Utnytte digitale verkty og hjelpemiddel for å effektivisere arbeidsprosessar	Berekraftig tenesteproduksjon
Skifte ut og oppgradere alle søvnsensorer på sjukeheimen	31.12.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Systematisk utviklingsarbeid	31.12.2026	Iht. plan	Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Utarbeide kommunens retningslinjer for berekning av eigenandel ved langtidsopphald og korttidsopphald over 60 døgn i institusjon	31.12.2026	Ikke startet	-	Surnadal kommune skal vere ein open og transparent organisasjon

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	67 565	67 565	67 565	67 565
Sum Vedtak forrige periode	-2 643	-2 916	-2 916	-2 916
Sum Lønns- og prisvekst	-285	-285	-285	-285
Konsekvensjustert budsjett	-2 928	-3 201	-3 201	-3 201
Konsekvensjustert ramme	64 636	64 363	64 363	64 363
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	2 995	2 995	2 995	2 995
Sum Nye tiltak	2 995	2 995	2 995	2 995
Nye tiltak og realendringer budsjett	2 995	2 995	2 995	2 995
Ramme 2026-2029	67 631	67 358	67 358	67 358


Nye tiltak

Justering av ramme 2026-2029

- For å oppretthalde forsvarlege tenester ser ein at opprinneleg nedtrekk av ramme blir for stor.
- Kostnadar til ferievikarar er hensynteke.
- Har fått kostnadar knytt til ny avtale om oppfølging og vedlikehald på medisinteknisk utstyr.

Bu og aktivitetstenesta

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Bu- og aktivitetstenesta gir tilbod om helsehjelp, praktisk bistand og opplæring til menneske med utviklingshemming og andre med særskilte hjelpebehov.

Vi gjev også tilbod om avlasting i avlastingsbustad for familiar som har særleg tyngande omsorgsoppgåver. Vi har ulike formar for aktivitetstilbod og arbeid til brukergruppa ved Sommerrotunet aktivitetshus.

Mange som mottek tenester fra oss har behov for tilsyn og bistand hele døgnet.

Boligane er litt spreidd i sentrum og vi har også tenester i boligar som ikkje er tilknytt fellesbustadane. Når det kjem til fellesbustadane så bur nokre i leilegheiter de eig sjølv, medan andre leier kommunale bolig i borettslaget.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Det er ei utfordring å få rekruttert nok og rett bemanning. Låg arbeidsløyse og færre ungdom som søker på vikarstillingar gjer at vi heile tida må ha rekruttering som tema. Vi har lovkrav i helse- og omsorgstenestelova når det kjem til kompetanse vi lyt ha på plass og det er derfor viktig at vi også oppmodar ansatte om vidareutdanning.
- Sidan vi er spreidd på eit ganske stort geografisk område så er det vanskelegare med stordriftsfordelar og samarbeid på tvers av avdelingane. Vi ser at det er auka behov for tenestene framover og at det er generelt ein kamp om rett kompetanse/personell i heile landet. Dette gjer at ein lyt starte eit arbeid der ein ser på mogleg samlokalisering og ein lyt sjå på kva

slags boligar det kan vere behov for i framtida. Ein lyt arbeide med korleis ein kan yte best moglege tenester med dei ressursane ein har tilgjengeleg. Det hastar litt å få laga ein strategi med moglege løysingar for berekraftig drift i framtida. Som eit ledd i ein slik strategi lyt ein også vurdere om dagens driftsform med tanke på borettslag vs andre boformer er mest heniktsmessig.

Mulegheiter

- Satsing på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette.
- Innføring av velferdsteknologi der det er hensiktsmessig og opplæring/utdanning knytta til dette. Tilgjengelig og ny velferdsteknologi, som mellom anna gjeld bruk av digitale tilsyn, må ein sjå på mulegheitene med og vurdere som ein del av tenestetilbodet. Dette er i tråd med anbefalingar frå sentrale myndigheiter om bruk av velferdsteknologiske løysingar i kommunane. For vår del så bør ein også gå i dialog med statsforvalter kring slike løysingar for opplevinga er at dei ikkje har dette som satsingsområde slik som kommunane har.
- Kvalitetsarbeid med fokus på nødvendige og forsvarlege tenester.
- Utprøving av lengre vakter på helg og ei utprøving både kvardag og helg, med mål om auka brukartilfredsheit, fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidsstillingar. Eininga har mange småe helgestillinger som er vanskelig å få dekt. Vi har større behov for ansatte på helg og kveld enn på dagtid i mange tilfelle og med dagens turnusordningar genererer dette store utfordringar knytt til bemanning. Ein ser også i rekrutteringsprosessar at vi lyt tilby ulike typar turnus for å rekruttere.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Gjennomgang av gjeldande turnusodningar/turnusprotokollar - helse og omsorg	17.06.2026	Ikke startet	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
Innkjøp av arbeidstøy helse og omsorg - vurdere gjeldande ordning og behov for ny avtale	31.05.2026	Iht. plan	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
Kartlegg skyssbehov i fremtiden. Nye krav med tanke på dagens ordning og minibussen vi har i dag. Må lages en ny plan og vurdering av bytte om kjøretøy	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Kartlegg skyssbehov i fremtiden. Nye krav med tanke på dagens ordning og minibussen vi har i dag. Må lages en ny plan og vurdering av bytte om kjøretøy	31.12.2026	Iht. plan	-	Et lokalsamfunn med god inkludering og rikt mangfald
Lage årshjul for kompetanseheving og fagutvikling i enheten.	31.12.2026	Ikke startet	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Opplæring i korleis vi minskar matsvinn og følger kostråda	31.12.2026	Ikke startet	-	Førebygge klimagassutslepp og sikre mulegheit for karbonopptak
Utarbeide strategi for framtidig boligstruktur innan helse og omsorg	31.12.2026	Iht. plan	Vi legg til rette for tilstrekkeleg boligbygging med gode og varierte boligtilbod og bomiljø for alle.	Gode varierte bomiljø og møteplassar

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	65 464	65 464	65 464	65 464
Sum Vedtak forrige periode	-964	-1 228	-1 228	-1 228
Sum Lønns- og prisvekst	47	47	47	47
Konsekvensjustert budsjett	-917	-1 181	-1 181	-1 181
Konsekvensjustert ramme	64 547	64 283	64 283	64 283
Nye tiltak				
Justeringar ramme 2026-2029	7 855	7 855	5 855	3 855
Sum Nye tiltak	7 855	7 855	5 855	3 855
Nye tiltak og realendringer budsjett	7 855	7 855	5 855	3 855
Ramme 2026-2029	72 402	72 138	70 138	68 138


Nye tiltak

Justeringar ramme 2026-2029

- Frå 2026 må det opprettast barneavlasting for 2 nye barn
- **Inntekt for ressurskrevande brukarar på teneste oppretthaldast på 2025 nivå.**

Heimetenesta

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Heimetenesta har rundt 70 tilsette. Dei fleste har helsefagleg bakgrunn, i hovudsak sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. I tillegg har vi ergoterapeut, assistentar og fleire med ulike vidareutdanningar. Eininga har egen demenskoordinator og kreftkoordinator, som har stilling som fagsjukepleiar.

Eininga sitt leiarteam består av einingsleiar, oversjukepleiar og avdelingsleiar.

Vi yt tenester heimla i "Lov om kommunale helse- og omsorgstenester", kor heimesjukepleie er den største tenesta. Vidare organiserer vi praktisk bistand (heimehjelp), rehabilitering i heimen, personleg assistent, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsstønad og dagaktivitetstilbod for eldre og demente.

Andre oppgåver i eininga er saksbehandling av matombringing, tryggleiksalarmar og anna velferdsteknologi. Vi har samarbeid med responscenteret i Kristiansund for mottak av signal frå dei fleste tryggleiksalarmane og andre velferdsteknologiske løysingar som medisindispensere, døralarmar, GPS og røykvarslarar.

Heimesjukepleien utføra oppgåver knytta til:

- personlig hygiene
- administrering av medisin
- behandlinga av sår
- tilsyn av ulik karakter
- hjelp til å stå opp/legge seg
- rehabilitering og vedlikehald av ferdigheiter
- råd/veiledning og støttesamtaler
- hjelp til alvorlig syke og døande

- omsorg ved livet slutt
- veiledning om kosthold og helsespørsmål, oppfølging av ernæring
- dagsenter for eldre

Utfordringar og mulegheiter

No vil økonomi, rekruttering og demografisk utvikling i Surnadal skape utfordringar. Ein ser ei auke i behov innanfor alle tjenester vi yter.

Heimesjukepleien opplever økande press som følgje av samansette faktorar. Det er eit betyderlig større trykk på tjenesta, både i form av økt antall pasientar og meir komplekse behov. Pårørande er ein viktig samarbeidspartner og ressurs, men vi ser at mange av dei er slitne, i tillegg ser vi at pårørande stiller økte krav til oppfølging og kvalitet i tenestene, noe som tar mye av tilsettes tid og ressursar.

Heimesjukepleien har høgt fråvær og dette påverkar i stor grad drift, og korleis vi egentlig ønsker å organisere oss i kvardagen. Det er behov for systematisk og hyppigare oppfølging. Tenesta har gode verktøy og kartleggingar (HPH). Samtidig oppleves det stadig vanskeligare å følg opp kartlegging og dokumentasjon, da krava knytt til dette er større og ein brukar mye tid og ressurs. Det er behov for nye løysningar, og tenesta må tilpasse seg utfordringsbilde på en effektiv og berekraftig måte.

Det fortsetter å bli i heimane stadig fleire helsetenester skal utførast. Pasienten blir boande heime lengre og dei krev hyppigare tilsyn og meire komplekse tjenester. Det er nødvendig at vi tar i bruk enda fleire typar velferdsteknologi, men vi må også disponere personalressursane våre på ein klok måte.

Det er spesielt bekymringsfullt at ein ser stadig færre søkjarar på utlyste stillingar, sjølv faste stillingar i full stilling. Vi må og fokusere på å behalde fagpersonane som vi allerede har i avdelinga. Vi har eit prosjekt med Trollheim, som er knytta til å kunne finne personar med restarbeidsevne til å kunne gjøre arbeidsoppgaver som det ikkje treng helsefaglegbakgrunn for å utføre. Oppgåver dei har startet med er praktisk bistand på omsorgsboligen, diverse oppgåver på kontorlokala og innvendig rengjøring av bilane våre. Dette ser vi er til stor hjelp for oss slik at vi kan konsentrere oss om dei oppgåvene som helsepersonell er utdanna til. Det er dessverre vanskeleg å finne tilsette som disse stillingane passar til, og ein ser at trollheim også slit med å finne kandidatar.

Ellers så er prosenten på sjukefråværet i avdelinga veldig høgt. Ein av utfordringane der er at den som leiar skulle være tettare på dei tilsette en vi klarer å vere. Vi som leiarar må klare å sjå utfordringane i den daglige drifta, arbeide systematisk og være omstillingsvillig og ha oversikt over dagleg drift. Nærledelse er eit nøkkelord. Og i tillegg arbeide etter ein langsiktig plan. For å få til dette har vi hatt behov for ein ekstra ressurs på saksbehandling i avdelinga slik at leiarane kunne ha arbeidet med å lede meire ein vi får til i dag.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Gjennomgang av gjeldande turnusodningar/turnusprotokollar - helse og omsorg	17.06.2026	Ikke startet	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
Implementere bruk av Jodapro. Veldferdsteknologi, med hodekamera til videokonsultasjoner.	31.12.2026	Iht. plan	Utnytte digitale verktøy og hjelpemiddel for å	Berekraftig tenesteproduksjon

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
			effektivisere arbeidsprosesser	
Implementere refleksjonsverktøyet Practic	31.12.2026	Forsinket	Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Innkjøp av arbeidstøy helse og omsorg - vurdere gjeldande ordning og behov for ny avtale	31.05.2026	Iht. plan	-	God tilgang på kompetanse og arbeidskraft
Sjå på intern organisering av soner	31.12.2026	Iht. plan	Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Utarbeide strategi for framtidig boligstruktur innan helse og omsorg	31.12.2026	Iht. plan	Vi legg til rette for tilstrekkeleg boligbygging med gode og varierte boligtilbod og bomiljø for alle.	Gode varierte bomiljø og møteplassar
Utarbeide årshjul, for systematisering og kvalitetssikring i henhold kompetanseheving og krav.	31.12.2026	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Utrede aktuelle område og teknologiar for digital heimeoppfølging	31.12.2026	Iht. plan	Utnytte digitale verkty og hjelpemiddel for å effektivisere arbeidsprosesser	Berekraftig tenesteproduksjon
Utrede årsturnus	31.12.2026	Ikke startet	-	God tilgang på kompetanse og arbeidskraft

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	47 775	47 775	47 775	47 775
Sum Vedtak forrige periode	-704	-896	-896	-896
Sum Lønns- og prisvekst	67	67	67	67
Konsekvensjustert budsjett	-637	-829	-829	-829
Konsekvensjustert ramme	47 138	46 946	46 946	46 946
Innsparingstiltak				
Justering ramme 2026-2029	-857	-1 176	-1 176	-1 176
Sum Innsparingstiltak	-857	-1 176	-1 176	-1 176
Nye tiltak og realendringer budsjett	-857	-1 176	-1 176	-1 176
Ramme 2026-2029	46 281	45 770	45 770	45 770

Innsparingstiltak


Justering ramme 2026-2029

Etter gjennomgang av faktiske kostnader på enheta i forhold til regnskapstal 2025, ser ein at ein kan ta ned ramma noko.

Enheta skal i løpet av 2026 oppgraderer elektroniske døråls til brukarane.

NAV Indre Nordmøre

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Status og utfordringar

Ved lokasjonen i Surnadal er det totalt 11 statlege og kommunale tilsette. Hos NAV jobbar vi med arbeidsretta oppfølging og på tvers av statlege og kommunale oppgåver.

NAV skal bidra slik at du får dei stønader du har krav på blant anna etter Lov om sosiale tenester og Lov om Folketrygd. Av kommunale tenester kan nemnast økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram og opplysning, råd, rettleiing og gjeldsrådgiving.

NAV Indre Nordmøre skal gi et sømløst og helhetlig tjenestetilbud til brukere med behov for sammensatte tjenester. Vi skal ha fokus på «Arbeid først» og bidra til å gi gode levevilkår for vanskeligstilte. Brukerne skal møte serviceinnstilte, engasjerte og kompetente veiledere. Vårt årlige mål- og disponeringsbrev og kommunebrevet i tillegg til lokale føringer danner grunnlaget for årlig handlingsplan.

Utfordringar og mulegheiter

Den store utfordringa ligg i å styrke arbeidslinja og få flest mogleg ut i aktivitet og arbeid. Arbeid er viktig for å sikre stabil inntekt og betre livsutfolding ved å bli ein del av eit sosialt fellesskap som normalt er på ein arbeidsplass.

Ei utfordring blir å følge opp dei dei busette flyktningane når det gjeld bistand generelt og dei treng ofte økonomisk støtte og supplering i startfasen i påvente av utdanning og/eller arbeid.

Oppdrag

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Utarbeide strategi for framtidig boligstruktur innan helse og omsorg	31.12.2026	Iht. plan	Vi legg til rette for tilstrekkeleg boligbygging med gode og varierte boligtilbod og bomiljø for alle.	Gode varierte bomiljø og møteplassar

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	14 846	14 846	14 846	14 846
Konsekvensjustert ramme	14 846	14 846	14 846	14 846
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	6 380	2 800	2 500	2 000
Sum Nye tiltak	6 380	2 800	2 500	2 000
Nye tiltak og realendringer budsjett	6 380	2 800	2 500	2 000
Ramme 2026-2029	21 226	17 646	17 346	16 846


Nye tiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Prognosen her er at på sosialhjelp og tilskot til bustader, vil denne halde seg minimum likt som for 2025, dvs ei auke på om lag 6 millionar i forhold til opprinneleg budsjett for 2025.

Teknisk drift - VARF

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Teknisk drift vatn & avløp består i dag av 7 ansatte og en Teknisk vakt vatn & avløp.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Vi har fått utarbeida ny hovedplan for vatn og avløp, og det er eit godt styringsdokument for framtidig arbeid, både for vedlikehald, investeringar og for å etterleva offentlege krav.
- Kommunalt drikkevann skal være av god kvalitet, og det skal gjelda for alle våre vassverk i vår kommune.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	-9 931	-9 931	-9 931	-9 931
Sum Tekniske justeringer	535	535	535	535
Sum Lønns- og prisvekst	-635	-635	-635	-635
Konsekvensjustert budsjett	-100	-100	-100	-100
Konsekvensjustert ramme	-10 031	-10 031	-10 031	-10 031
Ramme 2026-2029	-10 031	-10 031	-10 031	-10 031

Areal- og naturforvaltning

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Areal og naturforvaltning har ansvar for forvaltningsoppgåver og saksbehandling knytt til plan- og bygningslova og ei rekkje andre sektorlover.

Eininga er lokalisert på heradshuset på Skei og har 10 tilsette med ansvar for følgende fagfelt:

- Landbruk (jordbruk og skogbruk)
- Miljøvern
- Arealplanlegging
- Byggesak
- Oppmåling og forvaltning av eigedomsregisteret

Utfordringar og mulegheiter

Areal- og naturforvaltning har ansvar for fleire fagfelt fordelt på få ansatte. Dette medfører at vi er sårbare når det gjeld å kunne levere tenester til rett kvalitet. Avdelinga deltek i faglege nettverk innanfor IKT Orkidé. Tjenestesamarbeid mellom kommunane på Nordmøre vil vere viktig i tida framover.

Største del av eininga sitt budsjett er knytt til lønsutgifter. Eininga har inntekter i frå saksbehandlingsgebyr innanfor sjølkostområda plan- og byggesak, oppmåling og seksjonering.

Gebyrinntektene varierer etter kor stor aktivitet det er i kommunen. Det er utfordrande å budsjettere samla nivå på gebyrinntekter som kjem inn til eininga.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Gjennomføre tiltak i tråd med kommunedelplan for naturmangfald	31.12.2026	Iht. plan	-	Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
Gjennomføre tiltak i tråd med plan for grøn mobilitet	31.12.2028	Iht. plan	-	Førebygge klimagassutslepp og sikre mulegheit for karbonopptak
Gjennomføre tiltak i tråd med plan for grøn mobilitet	31.12.2028	Iht. plan	-	God infrastruktur og sirkulær økonomi
Gjennomføre tiltak i tråd med plan for grøn mobilitet	31.12.2028	Iht. plan	-	Levande tettstader og bygder
Gjennomgang av næringsareal	31.12.2026	Iht. plan	-	-
Heve kvalitet i eiendomsregisteret	31.12.2026	Iht. plan	-	-
Informasjonskampanje om fremmede arter	31.12.2026	Ikke startet	-	-
Kartlegge kommunen for ulike typar kulturlandskap	31.12.2026	Ikke startet	Kommunens ressursar i utmarksareal skal driftast på ein bærekraftig måte. Det betyr bl.a. god skogsforvaltning og tradisjonell beitedrift.	Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
Revidere retningslinjer for landbruksfondet	01.07.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Revidere retningslinjer for SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)	31.12.2026	Ikke startet	-	God infrastruktur og sirkulær økonomi
Revidere retningslinjer for SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)	31.12.2026	Ikke startet	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Revidere retningslinjer for SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)	31.12.2026	Ikke startet	-	Levande tettstader og bygder
Stimulere til fortsatt høg aktivitet innan jord- og skogbruksnæringa	31.12.2029	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Stimulere til fortsatt høg aktivitet innan jord- og skogbruksnæringa	31.12.2029	Iht. plan	-	Levande tettstader og bygder
Utarbeide arealregnskap	31.12.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Utarbeide arealregnskap	31.12.2026	Iht. plan	-	Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
Utarbeide arealregnskap	31.12.2026	Iht. plan	-	Førebygge klimagassutslepp og

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
				sikre mulegheit for karbonopptak
Utarbeide arealregnskap	31.12.2026	Iht. plan	-	Tilpasse oss kilmaendringar og naturfarar
Utarbeide ny sentrumsplan	31.12.2026	Forsinket	Etablere bomiljø for dei med levekårsutfordringar.	Gode varierte bomiljø og møteplassar
Utarbeide ny sentrumsplan	31.12.2026	Forsinket	Etablere bomiljø for dei med levekårsutfordringar.	Levande tettstader og bygder
Vidareutvikle Svartvatnet friområde	31.12.2026	Iht. plan	Arbeide for trygge skuleveggar og aktivitetsvennlege nærmiljø, med varierte tilbod for leik og opphald for ulike aldersgrupper.	Gode varierte bomiljø og møteplassar
Vidareutvikle Svartvatnet friområde	31.12.2026	Iht. plan	Arbeide for trygge skuleveggar og aktivitetsvennlege nærmiljø, med varierte tilbod for leik og opphald for ulike aldersgrupper.	Levande tettstader og bygder


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	8 332	8 332	8 332	8 332
Sum Vedtak forrige periode	-123	-156	-156	-156
Sum Lønns- og prisvekst	14	14	14	14
Konsekvensjustert budsjett	-109	-142	-142	-142
Konsekvensjustert ramme	8 222	8 189	8 189	8 189
Ramme 2026-2029	8 222	8 189	8 189	8 189

Teknisk drift

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Teknisk drift

Er i dag ei stor eining med fleire fagfelt, men det er eige budsjett for ansvar 430, selvkost/VARF-området.

Teknisk drift har ansvar for eit bredt samansette fagfelt og ansvar for befalsvakt og teknisk vakt for vatn & avløp. Stor del av driftsbudsjettet er knytt til lønnsutgifter, drift og vedlikehald av veg og eigedom, energi og brann & redning. Eininga har inntekter frå husleige eksternt og internt, men leigenivå trenger eit oversyn for å sjå at dei ligger rett i forhold til "gjengsleige" som er vedtatt i kommunen. Det er stor aktivitet i eininga og har det vore i en del år no.

Eininga er lokalisert på fleire plasser i kommunen, men staben har kontor på kommunehuset på Skei.

Eininga har omtrent 75 tilsette med ansvar for følgjande fagfelt:

- Utleie av kommunale bustader og eigedom.
- Brann & redning og feiing. Branntilsyn
- Kommunale byggeprosjekt
- Veg og park
- Byggedrift
- Reinhold
- Vatn & avløp

Utfordringar og mulegheiter

Teknisk drift med mannskap frå brannvesen, feiarvesen, vaktmeister tenester, vatn og avløp er no samlokalisert på Brannstasjonen i Røtet. Det er gjort ein del ombygging innomhus for å få plass til alle

fasilitetar som sanitæranlegg, rein- og ureinskone, matrom og møterom. Neste år er plana å bygge carport til tenestebilane og det er sett av midlar i investeringsbudsjettet.

Hovudplan for vatn og løp syner at det er store investeringar i åra som kjem, både med tanke på tilstand til eksisterande anlegg, men også nye EU-krav, direktiv og forskrifter. Høgdebassenget på Galtmetet er no klart for byggestart og anbudsrunnen ga oppdraget til

Elles er dei kommunale bygg og kommunale boliger under sterkt behov for oppgradering og vedlikehald. Dette må ein forsøke å ta etter så godt det let seg gjere innfor dei stramme økonomiske rammene vi har.

Planlegging av Helsehus er også ein krevjande prosess som involverer teknisk drift og eigedom. Det samme vil det bli ifht ombygging og oppgradering av Kulturhuset. Ein vil bruke egne fagfolk så langt som råd.

Ombygging på Brannstasjonen.
2026.

Foto: Brannsjef Tor Arne Moen

Ny carport i



Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Gjennomføre kartlegging av kommunale boligar	30.06.2026	Iht. plan	-	God økonomistyring og økonomisk handlingsrom

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Utarbeide strategi for framtidig boligstruktur innan helse og omsorg	31.12.2026	Iht. plan	Vi legg til rette for tilstrekkeleg boligbygging med gode og varierte boligtilbod og bomiljø for alle.	Gode varierte bomiljø og møteplassar
Vurdere framtida for Øyabrua i Todalen	31.12.2026	Ikke startet	Arbeide for trygge skulevegar og aktivitetsvennlege nærmiljø, med varierte tilbod for leik og opphald for ulike aldersgrupper.	-

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	34 044	34 044	34 044	34 044
Sum Vedtak forrige periode	-1 313	-3 054	-3 054	-3 054
Sum Lønns- og prisvekst	119	119	119	119
Konsekvensjustert budsjett	-1 194	-2 935	-2 935	-2 935
Konsekvensjustert ramme	32 850	31 109	31 109	31 109
Nye tiltak				
Justering ramme 2026-2029	1 385	1 385	760	0
Sum Nye tiltak	1 385	1 385	760	0
Nye tiltak og realendringer budsjett	1 385	1 385	760	0
Ramme 2026-2029	34 235	32 494	31 869	31 109

Nye tiltak

Justering ramme 2026-2029

Ansvar 460 er ei av enhetene som har hatt auka kostnader i samband med busetting av flyktningar. Frå 2026 vil disse kostnadane reduserast på grunn av færre som blir busatt. Reduksjon i kostnadar kjem blant anna på:


- Leige av paviljong på Øyeområdet
- Husleigekostnader
- Innkjøp av inventar og møbler

Andre område som er lagt til grunn i rammetildelinga:

- Reduksjon av kostnader vegar - omlag kr 1 mill - kjem som eiga sak
- Auka husleigeinntekter ved å auke husleiga til gjengs leige - halvårseffekt omlag kr 1 mill - kjem som eiga sak
- Bassenget haldes stengt frå 1.april til 1.oktober - reduksjon av kostnader på omlag kr. 400 000
- Det er lagt inn eit beløp på kantslått og grusing kr 500 000.
- Det er lagt inn eit beløp på innkjøp av klær og utstyr til brannvesenet kr 125 000
- Det er lagt inn beløp på vedlikehald av kulturhuset

Sal av konsesjonskraft

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter




Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	0	0	0	0
Konsekvensjustert ramme	0	0	0	0
Ramme 2026-2029	0	0	0	0

Tilskot

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	19 292	19 292	19 292	19 292
Konsekvensjustert ramme	19 292	19 292	19 292	19 292
Innsparingstiltak				
Justering av ramme 2026-2029	-2 331	-2 331	-2 331	-2 331
Sum Innsparingstiltak	-2 331	-2 331	-2 331	-2 331
Nye tiltak og realendringer budsjett	-2 331	-2 331	-2 331	-2 331
Ramme 2026-2029	16 961	16 961	16 961	16 961


Innsparingstiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Den største tilskotsposten er tilskot til Bårdshaugen barnehage – skal kompenseres for redusert foreldrebetaling .
- Nytt berekna tilskot for 2026 er i underkant av 11 mill.
- Bruk av næringsfond er lagt inn på dette ansvaret
- 1,25 mill blir i forslag til budsjett og økonomiplan blir bruka i drift (dette kjem i tillegg til allereie bruk av næringsfondet på kr. 775 000)

PPT Indre Nordmøre

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Status

Tenesta har 10 tilsette (10 årsverk), inkludert einingsleiar. Vi har kontor i Familiens hus på Skei og i Rådhuset på Sunndalsøra.

PPT samarbeider med alle barnehagane, grunnskulane og dei vidaregåande skulane i kommunane, til saman 35 einingar.

Fylkeskommunen kjøper tenester til dei 3 vidaregåande skulane i kommunane våre tilsvarande 1,75 årsverk, der 0,55 stilling er definert som psykologifagleg kompetanse.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Hovudutfordringa etter samanslåinga til ei teneste har vore etterslep av henviste saker frå Sunndal og Tingvoll.
- På grunn av etterslepet har vi ikkje fått arbeidd godt med utvikling av den nye PP-tenesta som eining, med felles praksis, fagmiljø og gode strukturar/rutiner for samarbeidet med dei andre einingane innan oppvekst.
- Fokus på individretta arbeid på grunn av etterslepet har ført til svært redusert kapasitet til førebyggjande systemretta arbeid i særleg to av kommunane. Det vil kreve innsats frå både PPT og samarbeidspartane våre framover for å få på plass gode arenaer og strukturar for dette arbeidet. Det er i alle kommunane ei utfordring å ha kapasitet til å være tett nok på barnehagane og skulane til at vil bli ein reell samarbeidspartner i det førebyggjande arbeidet.
- Som eit tiltalt for å styrke kapasiteten til arbeidet med å redusere ventetida for henviste saker, har tenesta har fått tilført midlar til 100% rådgjevarstilling i eit midlertidig engasjement (4 mnd). Etter ein innkjøringsperiode med opplæring og innkjøring ser vi at tiltaket byrjar å gi effekt. Men for at vi skal komme dit at ventetida er innanfor lovverket sine føringar er det behov for at kapasitetsauken vidareførast. Det er i første omgang behov for ei forlenging ut inneverande barnehage/skuleår. Det er planlagt evaluering av tiltaka i møte mellom kommunedirektørane og einingsleiar i uke 45.
- Stram kommuneøkonomi i kommunane påverkar handlingsrommet til barnehagar og skular, og reduserer mulegheitene for fleksibilitet og tilpassing. Dette kan føre til at fleire barn blir henvist PPT for utgreiing av behov for særlege tilretteleggingstiltak. Dette er i strid med intensjonane bak lovverket som vektlegg PPT si deltaking og samarbeid om førebygging, tidleg innsats og systemretta arbeid med mål om at færre barn skal ha behov for særtiltak.

Mulegheiter

- Den nye tenesta gir oss mulegheit for å bygge eit større fagmiljø, som sikrar kompetanse på fagområda tenesta PPT skal levere på.
- Samanslåinga gir mulegheit for å ta ein gjennomgang av praksisane våre og utvikle ny felles praksis med utgangspunkt i det som fungerer godt i både de to tidlegare tenestene. Dette gjeld både internt og i samarbeidet med dei andre tenestene for barn og unge i dei fire kommunane våre. Målet er å sikre god kvalitet og likeverd i tenesteytinga vår på tvers av kommunane.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Delta i inkluderingsteam i barnehagar og skular	31.12.2026	Iht. plan	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Delta i inkluderingsteam i barnehagar og skular	31.12.2026	Iht. plan	-	Et lokalsamfunn med god inkludering og rikt mangfald
Delta i inkluderingsteam i barnehagar og skular	31.12.2026	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Delta i inkluderingsteam i barnehagar og skular	31.12.2026	Iht. plan	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
Delta i satsinga "Rett hjelp tidleg"	31.12.2026	Iht. plan	Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar	Alle skal oppleve livsmeistring
Delta i satsinga "Rett hjelp tidleg"	31.12.2026	Iht. plan	Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar	God kvalitet på våre tenester i henhald til krav og behov
Delta i satsinga "Rett hjelp tidleg"	31.12.2026	Iht. plan	Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft
Delta i satsinga "Rett hjelp tidleg"	31.12.2026	Iht. plan	Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Gjennomføre ICDP veiledning for tilsette i barnehagar og skular	31.12.2026	Ikke startet	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Gjennomføre ICDP veiledning for tilsette i barnehagar og skular	31.12.2026	Ikke startet	-	Et lokalsamfunn med god inkludering og rikt mangfald
Gjennomføre ICDP veiledning for tilsette i barnehagar og skular	31.12.2026	Ikke startet	-	God kvalitet på våre tenester i henhald til krav og behov
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Organisasjonsutvikling	31.12.2026	Ikke startet	-	God kvalitet på våre tenester i henhald til krav og behov
Redusere ventetid for oppstart av henviste saker	31.12.2026	Forsinket	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Redusere ventetid for oppstart av henviste saker	31.12.2026	Forsinket	-	God kvalitet på våre tenester i henhald til krav og behov


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	3 439	3 439	3 439	3 439
Sum Lønns- og prisvekst	28	28	28	28
Konsekvensjustert budsjett	28	28	28	28
Konsekvensjustert ramme	3 467	3 467	3 467	3 467
Ramme 2026-2029	3 467	3 467	3 467	3 467

Surnadal og Rindal kulturskule

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Status:

- Pr 01.01.2020 vart vi Surnadal og Rindal kulturskole der Surnadal kommune har vertskommuneansvar for Rindal.
- Vi leverer gode tenester innafor dei rammene vi har.
- Det er relativt stabile elevtal dei siste åra.
- Vi har god utvikling på gruppene i Rindal og gruppefaga har stabile og gode grupper.
- Kulturskolen skal vera ein tilgjengelig arena i born og unge sitt liv, for kunst- og kulturopplevingar, for personleg, sosial og kunstnarisk vekst og utvikling.

Utfordringar og mulegheiter

Eit utfordrande år med 10% reduksjon i ramma

Utfordringar

- Ha rom for å utvikle både bredde og fordjupningstilbod i tråd med rammeplan og lokal læreplan.
- Behalde og rekruttere kompetent personale i ein liten skole med fleire deltidsstillinger. Utfordrande å skaffe vikarer i dei ulike faga pga stor grad av spesialisert kompetanse.
- Finne felles møtepunkt for lærarar med små stillingar slik at alle blir deltakande i eit lærande profesjonsfellesskap.
- Tilby attraktive tenester til samarbeidsaktører innan kommune og fritidskulturliv er vanskeleg utan å auke staben.

Mulegheiter:

- Vi ønsker å videreutvikle eininga til eit profesjonelt læringsfellesskap.
- Arbeide mot å vere ein naturleg samhandlingsaktør med øvrige einingar, frivillige lag og organisasjoner
- Gjennom medlemskap i Norsk kulturskoleråd får vi hjelp til å tilpasse oss framtida i tråd med intensjonane i rammeplan for kulturskole.
- Gjennom regionale kulturskolenettverk for både lærarar og leiarar i fylket får vi drahjelp til fagleg oppdatering.
- Det er viktig å ha gode nettverk å samarbeide med da vi er ei lita eining med spesialisert fagkompetanse.
- Gjennom eit godt tilbod til kommunens innbyggjarar er vi med på å fremme bulyst og bygge levande lokalsamfunn.
- Bygge kompetanse i skolen til å fylle rollen som et lokalt ressurscenter for kunst og kultur.
- Ha ressursar nok til å vere med på å skape framtidas kulturskole.
 - Regjeringa si melding til Stortinget om barne og ungdomskultur inneheld sterke intensiv om at kulturskolen skal samhandle med øvrige aktørar i felte omkring born og unge.
 - Dette i tråd med Den nasjonale rammeplan for kulturskolen, "[Mangfold og fordypning](#)"
 - Strategiplana for praktisk og estetisk innhald i barnehage, skole og lærarutdanning. "[Skaperglede, engasjement og utforskartrang](#)"
 - KS si satsing på [framtidas kulturskole](#) og kulturskolen som samskapingsaktør.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Alle einingar skal opprette arbeidsmiljøgrupper	31.12.2026	Iht. plan	-	Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar
Friplassordning. Vere inkluderande og tilgjengeleg	31.12.2026	Ikke startet	-	Et lokalsamfunn med god inkludering og rikt mangfald
Kulturskolen vil vere sentral i dannelsesarbeidet med barn og unge.	31.12.2026	Ikke startet	-	Et lokalsamfunn med god inkludering og rikt mangfald
Opplæring i handtering av vald og truslar	31.03.2026	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon

Rammeoversikt

Beløp i 1000


Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	3 373	3 373	3 373	3 373
Sum Vedtak forrige periode	-50	-63	-63	-63
Sum Lønns- og prisvekst	15	15	15	15
Konsekvensjustert budsjett	-35	-48	-48	-48
Konsekvensjustert ramme	3 338	3 325	3 325	3 325
Innsparingstiltak				
Justering av ramme 2026	-160	-160	-160	-160
Sum Innsparingstiltak	-160	-160	-160	-160

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Nye tiltak og realendringer budsjett	-160	-160	-160	-160
Ramme 2026-2029	3 178	3 165	3 165	3 165

Kyrkjeleg fellesråd

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Du kan lese meir om kyrkjene i Surnadal kommune her: <https://www.surnadal.kyrkja.no/>

Økonomi:

Den norske kyrkja er i hovudsak finansiert gjennom statlige og kommunale tilskot. Det statlege utgiftsansvaret for kyrkja gjeld primært prestetenesten og virksomheita ved dei regionale og nasjonale organa. Det kommunale tilskotet går til å dekkje utgiftene til den lokale kyrkja.

Trossamfunnslova § 14 seier følgande om kommunenes ansvar:

"Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.

Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler"

Bildet under viser åpninga av Åskardvågen gravsted i november 2023



Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	6 971	6 971	6 971	6 971
Sum Vedtak forrige periode	-100	-100	-100	-100
Konsekvensjustert budsjett	-100	-100	-100	-100
Konsekvensjustert ramme	6 871	6 871	6 871	6 871
Nye tiltak				
Justering av ramme 2026-2029	250	250	250	250
Sum Nye tiltak	250	250	250	250
Nye tiltak og realendringer budsjett	250	250	250	250
Ramme 2026-2029	7 121	7 121	7 121	7 121


Nye tiltak

Justering av ramme 2026-2029

- Det er lagt inn ei auke i ramme på kr 250 000
- Dette tilsvarer ei auke på 3,6%, berekna frå 2025 tilskotet.

Indre nordmøre barnevernstjeneste

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Surnadal er vertskommune for samarbeidet bestående av kommunane Rindal, Tingvoll, Sunndal og Surnadal. Tenesta har 22,8 årsverk, og er organisert med kontor både i Sunndal og Surnadal.

Hovudoppgåva til eininga er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta skal på same måte som andre kommunale tenester bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Frå 01.01.22 fekk kommunane økt ansvar på barnevernområdet. Barnevernsreforma eller oppvekstreforma som den også kallast, har som mål å styrke kommunen sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Reforma legg føringar for at barnevernsteneste skal ha ansvaret for dei mest alvorlege sakene, mens "det ytre barnevernet" rundt barnet skal ha meir veiledning og kartlegging i dei mindre alvorlege sakene. Samhandling mellom tenestene er svært viktig, og vi er med på prosjektet til Oppvekstnettverk Nordmøre, som har som mål å vidareutvikle og betre samhandlinga mellom tenestene.

Med barneverns-reforma har tenestene sett ei sterk auke i antal bekymringsmeldingar, og sakene er meir komplekse, og sakene krev meir ressursar, både med tidsbruk og økonomiske kostnader.

Tenesten har slitt over tid med høg turn-over og høgt sjukefråvær. Dette tærer på tenesta ved meirbelastning for dei som er på jobb, og stadige utskiftingar i ansattegruppa. Det blir viktig framover å jobbe for å auke nærværet på jobb og førebygging av sjukefråvær.

Økonomi- og handlingsplan for 2026-2029

	Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)	
	2024	
1566 Surnadal		7 737
EAKUO Landet uten Oslo		10 815

	Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	
	2024	
1566 Surnadal		512 778
EAKUO Landet uten Oslo		633 818

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Norge	Grafisk visning
<u>Andel av kommunens totale utgifter som brukes på barnevern (2024)</u>	2,2 %	3,8 %	

Indre Nordmøre barneverntjeneste er ein teneste som er drevet på ein kostnadseffektiv måte. Som hos alle andre barneverntenester er det vanskelig å forutsjå behova for tiltak som kjem i løpet av året. Etter at kommunens eigenandel for statlege barnevernstiltak blei auka i 2022, kostar for eksempel ein institusjonsplass kommunen 190.000 kroner i månaden. Difor vil det vere svært viktig å prioritere det førebyggjande arbeidet i kommunen, slik at flest mulig får rett hjelp tidleg.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

Arbeidsmengda er stor i tenesta. Dette heng saman med kompleksiteten og alvorsgraden i mange av sakene. Fleire saker går i rettssystemet, noko som legg beslag på stor saksbehandlarkapasitet. Krava til dokumentasjon og vurderingar vi gjer i arbeidet er store.

Sjukefråværet har vore høgt over tid. Vi ser også en turnover, og vanskar med å rekruttere erfarne barnevernarbeidarar med relevant tilleggsutdanning. Stor saksmengde og høgt sjukefråvær medfører ein stor totalbelastning for dei tilsette.

- Stadig fleire og meir alvorlege, komplekse saker.
- Stor auke i antal undersøkingar dei siste åra.
- Samfunnsmessige førhald som påverkar familiane vi arbeider med, som for eksempel dårlegare økonomi.
- Behov for fleire konkrete tiltak for barn med ulike behov.
- Budsjett for etablering av nye tiltak også med tanke på oppvekstreforma.
- Behov for å styrke det førebyggjande arbeidet retta mot utsette barn, ungdom og familiane deira, slik at ein kan kome tidleg inn med gode tiltak og unngå problemutvikling.
- Samarbeid med andre instanser for å treffe rett tiltak til rett tid.
- Behov for akuttbolig på grunn av Bufetat sin mangel på beredskapsheimar.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Avklare behov for fast advokat knyttet til barneverntjenesten	31.12.2026	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Egentilsyn på barnevernets undersøkelser i samarbeid med Statsforvalter og Helsetilsynet	31.03.2026	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Leiarutvikling	31.12.2026	Ikke startet	-	God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	54 802	54 802	54 802	54 802
Sum Tekniske justeringer	2 550	2 550	2 550	2 550
Sum Lønns- og prisvekst	274	274	274	274
Konsekvensjustert budsjett	2 824	2 824	2 824	2 824
Konsekvensjustert ramme	57 626	57 626	57 626	57 626
Ramme 2026-2029	57 626	57 626	57 626	57 626

Indre Nordmøre barnevernstjeneste avd. Surnadal

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	15 102	15 102	15 102	15 102
Sum Tekniske justeringer	40	40	40	40
Konsekvensjustert budsjett	40	40	40	40
Konsekvensjustert ramme	15 142	15 142	15 142	15 142
Ramme 2026-2029	15 142	15 142	15 142	15 142